

# Høgskulen på Vestlandet

## Pedagogikk og eleukunnskap 2b 5-10

LU2-PEL415

### Predefinert informasjon

Startdato:	05-05-2017 09:00	Termin:	2017 06
Sluttdato:	19-05-2017 14:00	Vurderingsform:	Norsk 6-trinnskala (A-F)
Eksamensform:	Bacheloroppgave	Studiepoeng:	15
SIS-kode:	LU2-PEL415 1 B-1		
Intern sensor:	(Anonymisert)		

### Deltakar

Namn: Susann Hotle  
Kandidatnr.: 30  
HVL-id: 137193@hvl.no

### Informasjon frå deltagar

Tal på ord \*: 10085  
Tru- og loverklæring \*: Ja

### Gruppe

Gruppenavn: Einmannsgruppe  
Gruppenummer: 8  
Andre medlemmer i gruppa: Deltakaren har levert inn i enkeltmannsgruppe

Eg godkjennar autalen om tilgjengeleggjering av bacheloroppgåva mi \*

Ja



# Høgskulen på Vestlandet

# BACHELOROPPGÅVE

Formålsaspektet i skriveoppgårer i lærebøker.  
The purpose in writing assignments in  
textbooks.

**Pedagogikk og elevkunnskap 2b 5-10**

**LU1-PEL415**

**Avdeling for lærarutdanning og kulturfag.**

**Grunnskulelærarutdanning 5-10. trinn**

**19.05.2017**

**10085 ord**

**AV SUSANN HOTLE**

**Rettleia av Hannah Belsvik Hansen og Ieva Kuginyte-Arlauskiene**

Jeg bekrefter at arbeidet er selvstendig utarbeidet, og at referanser/kildehenvisninger til alle kilder som er  
brukt i arbeidet er oppgitt, jfr. *Forskrift om studium og eksamen ved Høgskulen på Vestlandet, § 10.*

# Bekreftelse

Jeg gir med dette samtykke til at Bacheloroppgaven min kan publiseres på internett gjennom biblioteket sitt elektroniske system (Bibsys) – merket med mitt navn.

*Publisering er aktuelt for oppgaver med karakteren A eller B, samt unntaksvis for oppgaver der veileder/sensor måtte mene at tema/innhold er såpass spesielt at oppgaven bør offentliggjøres selv om ikke karakterkravet oppfylles.*

Publisering: JA

**Tittel på oppgaven:** Formålsaspektet i skriveoppgåver i lærebøker.

**Navn:** Susann Hotle

**Kandidat. nr.:** 30

**År/Termin:** Våren 2017

**Kull:** 2014

**Dato:** 16.05.17

**Signatur:** Susann Hotle

## Innhaldsliste

<b>Figurliste .....</b>	<b>5</b>
<b>Samandrag .....</b>	<b>6</b>
<b>1.0 Innleiing.....</b>	<b>7</b>
<b>2.0 Teoridel .....</b>	<b>9</b>
<b>2.1 Skriving .....</b>	<b>9</b>
<b>2.1.1 Å skrive, kva er det? .....</b>	<b>9</b>
<b>2.1.2 Skriving i Kunnskapsløftet .....</b>	<b>10</b>
<b>2.2. Skriveoppgåver .....</b>	<b>11</b>
<b>2.2.1 Definisjon.....</b>	<b>12</b>
<b>2.2.2 Ulike typar skriveoppgåver.....</b>	<b>13</b>
<b>2.2.3 Skrivetrekanten .....</b>	<b>14</b>
<b>2.2.4 Formålsaspektet i skriveoppgåver.....</b>	<b>15</b>
<b>2.2.5 Blooms taksonomi.....</b>	<b>16</b>
<b>2.2.6 Den gode skriveoppgåva, nokre kjenneteikn.....</b>	<b>16</b>
<b>2.3 Lærebøker .....</b>	<b>18</b>
<b>3.0 Forskningsmetode .....</b>	<b>19</b>
<b>3.1 Kvalitativ metode .....</b>	<b>19</b>
<b>3.1.2 Dokumentanalyse.....</b>	<b>19</b>
<b>3.2 Utval .....</b>	<b>20</b>
<b>3.3 Vurdering av resultat .....</b>	<b>21</b>
<b>3.3.1 Pålitelegheit, gyldigkeit og feilkjelder .....</b>	<b>21</b>
<b>4.0 Presentasjon av resultat .....</b>	<b>22</b>
<b>4.1 Formål ut i frå skrivehjulet .....</b>	<b>22</b>
<b>4.1.1 Kunnskapsutvikling i dei korte skriveoppgåvene .....</b>	<b>22</b>
<b>4.1.2 Variasjon i skriveformål .....</b>	<b>22</b>
<b>4.1.3 Kunnskapsutvikling og påverknad .....</b>	<b>24</b>
<b>4.2 Oppgåvetypar i lærebøkene .....</b>	<b>25</b>
<b>4.2.1 Dokumentasjonsoppgåver .....</b>	<b>25</b>
<b>4.2.2 Presentasjonsoppgåver og tenkeoppgåver .....</b>	<b>25</b>
<b>4.3 Føringar om innhald .....</b>	<b>26</b>
<b>4.4 Føringar om form .....</b>	<b>27</b>
<b>5.0 Drøfting .....</b>	<b>28</b>
<b>5.1 Skriveformål.....</b>	<b>28</b>
<b>5.1.1 Formulering av formålet i skriveoppgåvene .....</b>	<b>28</b>
<b>5.1.2 Variasjon i skriveformål .....</b>	<b>29</b>
<b>5.1.3 Kunnskapsutvikling.....</b>	<b>30</b>
<b>5.2 Oppgåvetypar .....</b>	<b>30</b>
<b>5.3 Føringar om innhald .....</b>	<b>32</b>
<b>5.4 Føringar om form .....</b>	<b>33</b>
<b>5.5 Vegen vidare.....</b>	<b>34</b>
<b>5.5.1 Ei fornying av Kunnskapsløftet.....</b>	<b>34</b>
<b>6.0 Oppsummering.....</b>	<b>36</b>
<b>7.0 Litteraturliste .....</b>	<b>37</b>
<b>8.0 Vedlegg .....</b>	<b>40</b>
<b>8.1 Vedlegg A: Analyseskjema .....</b>	<b>40</b>

8.2 Vedlegg B: Analyse av <i>Nye kontekst 8-10 basisbok</i> .....	40
8.3 Vedlegg C: Analyse av <i>Fabel 8</i> .....	51
8.4 Vedlegg D: Analyse av <i>Fabel 10</i> .....	56
8.5 Vedlegg E: Teksutdrag <i>Nye kontekst 8-10 basisbok</i> .....	64
8.6 Vedlegg F: Tekstutdrag <i>Fabel 8</i> (Side 226-239) .....	75
8.7 Vedlegg G: Tekstutdrag <i>Fabel 10</i> .....	79

## **Figurliste**

Figur 1: Skrivetrekanten(Skrivesenteret, 2013).....	14
Figur 2: Skrivenhjulet (Skrivesenteret, 2013) .....	15
Figur 3: Blooms taksonomi (Øzerk, 2011, s. 43) .....	16

## **Samandrag**

Målet med dette forskingsarbeidet var å undersøkje korleis formålsaspektet ved skriving vart behandla i skriveoppgåver i lærebøker for norskfaget på ungdomstrinnet. Skrivetrekanten peikar på at skriving kan bestå av tre aspekt: innhald, form og formål. Innhald handlar om at skrivinga må handle om noko, ein må ha noko å skrive om. Vidare har skrivinga ein form, ein skriv til dømes i ulike sjangrar. Det siste aspektet er formålsaspektet, som seier oss at skrivinga må ha ei meining. Det er ofte ein eller fleire grunnar til at vi skriv, og det er dette eg har sett nærmere på. Korleis blir dette formålsaspektet behandla i skriveoppgåver i lærebøker?

For å finne svar på dette vart det gjennomført ein kvalitativ dokumentanalyse. I dokumentanalysen vart det lagt vekt på fire hovudpunkt. Fyrste punkt i analysen handla om å sjå nærmere på kva skriveformål som vart formulert i skriveoppgåvene, med utgangspunkt i dei skriveformåla som blir skildra i skrivehjulet. Andre punkt i analysen såg på kva type skriveoppgåver som fanst i lærebökene. Dei to siste punkta handla om føringar knytt til innhald og form på skrivinga som blir bestilt gjennom skriveoppgåvene.

Resultata mine peikar i retning av at skriveformålet ikkje alltid er tydeleg formulert i oppgåveteksten i dei ulike skriveoppgåvene. Ut i frå dette kan ein tenkje seg at læraren spelar ei viktig rolle i møte med skriveoppgåvene som ein finn i lærebøker. Det kom også fram at det er nokre skriveformål som går att i mange av skriveoppgåvene i lærebökene, mellom anna kunnskapsutvikling. Vidare såg ein at det var ein type skriveoppgåver som gjekk att, nemleg dokumentasjonsoppgåver. Desse hadde ofte kunnskapsutvikling som skriveformål. Ein såg også at både innhald og form hadde tette band mot skriveformålet i skriveoppgåvene. Innhald og form påverka og gav informasjon om skriveformålet.

## 1.0 Innleiing

Då Kunnskapsløftet vart innført som nytt læreplanverk i 2006, vart skriving løfta fram som ei av fem grunnleggjande ferdigheiter. Med dette vert skriving sett på som ei basisferdigheit som må nyttast og utviklast i alle fag for at individet skal lære og utvikle seg (Udir, 2012, s. 5). Kunnskapsløftet kastar lys på at skriving ikkje berre er viktig i skulesamanheng, men også vidare i livet. Skriving er i dag ei viktig ferdighet for at ein skal kunne ta del i samfunnet og i den kulturen ein lev i (Udir, 2012, s. 5).

For å bli god i noko må ein øve. Dette gjeld også for skriving. I norskfaget skal elevane mellom anna trene opp skriveferdigheita si. Ein ser at mykje av skrivinga i skulen ofte blir styrt av skriveoppgåver (Kvistad & Smemo, 2015, s. 221). Dette seier oss at skriveoppgåvene spelar ein viktig rolle i skulekvardagen, særleg når det kjem til å trene opp skriveferdigheita. Skal elevane klare å forstå at skriving er viktig, både no og i framtida deira, må skrivinga vere meiningsfull og ha eit klart formål (Lorentzen, 2008, s. 9). Det er difor viktig at formålet bak skrivinga, kjem tydeleg fram i skriveoppgåvene elevane møter.

Viktigheta av skriveformål kjem også til syne i læreplanen i norsk. Her blir det ikkje lengre nemnd spesifikke sjangrar som elevane skal arbeide med, men ulike typar tekstar (Udir, 2013). Elevane skal til dømes lære å skrive reflekterande og informative tekstar (Udir, 2013). Det kjem også fram av læreplanen at tekstane som elevane skriv, skal vere tilpassa formålet med skrivinga (Udir, 2013).

Med bakgrunn i dette ynskjer eg å sjå nærmere på korleis formålsaspektet vert behandla i skriveoppgåver i lærebøker for norskfaget på ungdomsskulen. Problemstillinga mi vart som følgjande: *”Korleis blir formålsaspektet ved skriving behandla i skriveoppgåver i lærebøker? Ein analyse av lærebøker for norskfaget på ungdomstrinnet.”*

Eg ynskjer å utdjupe omgrepet ”formålsaspekt”. Aspekt kan definerast som ei side ved ei sak. Formål kan sjåast på som ei side av det å skrive. Omgrepet formålsaspekt er mellom anna nytta i skrivetrekanten. Figuren er omtalt i oppgåva mi og peikar på tre aspekt, eller sider, ved å skrive: innhald, form og formål (Skritesenteret, 2013). Vidare er ”skriveoppgåver” eit omgrep som er nytta i problemstillinga mi. Med dette meiner eg alle skriftlege oppgåver som

krev tankeprosessar frå eit individ (Smith, 2011, s. 3). Eg vil utdjupe dette omgrepet nærmare i teorikapittelet.

Eg ynskjer å sjå nærmere på korleis skriveformål blir behandla i skriveoppgåver i lærebøkene til elevane. Eg har ikkje lukkast i å finne liknande forsking. Det er derimot vorte forska på skriveoppgåver som er gitt til eksamen på 10. trinn i norsk skriftleg. KAL-prosjektet såg nærmare på dette. Dei kom mellom anna fram til at elevar oftast valte å skrive forteljande sjangrar ved eksamen og at fleirtalet av oppgåvene som elevane fekk velje mellom ved avgangseksamen opna for forteljande sjangrar (Evensen, 2003, s. 11),. Det vil bli interessant å sjå om forteljande sjangrar og tekstsakring er i fokus i lærebøker eller om det er eit anna syn som i dag går igjen i skriveoppgåver i lærebøker.

Det ville vorte eit svært omfattande arbeid, skulle eg analysert alle skriveoppgåvene i dei tre lærebøkene. Eg har difor måtte avgrense meg til nokre kapittel. Eg valte å ta utgangspunkt i nokre kompetanseområder i læreplanen, for så å finne kapittel som behandla desse.

Når det kjem til sjølve analysen har eg også avgrensa meg til å sjå på fire hovudpunkt: skriveformål ut frå skrivehjulet, oppgåvetype, føringer om innhald og føringer om form. Desse er vidare omtala i kapittel 3.

Oppgåva er delt i ulike kapittel. I kapittel 2 vil eg presentere relevant teori knytt til mitt forskingsarbeid. Eg vil også vise til relevant forsking og utdjupe sentrale omgrep. Kapittel 3 inneholder informasjon om kva metode eg har valt og informasjon om analysen eg har gjennomført. Resultatet av analysen finn ein i kapittel 4. I kapittel 5 vil eg drøfte resultatet mitt opp mot teori og forsking som eg har presentert tidlegare i oppgåva. Kapittel 6 inneholder ei oppsummering av forskingsarbeidet mitt, samt refleksjonar om vegen vidare.

## 2.0 Teoridel

Teorikapittelet er delt i tre hovuddelar: skriving, skriveoppgåver og lærebøker. Eg vil først seie litt om kva skriving er og kva Kunnskapsløftet seier om skriving. Deretter ser eg nærmare på kva ei skriveoppgåve er og kva typar skriveoppgåver vi har. Vidare vil eg presentere to modellar, skrivetrekanten og skrivehjulet, som kan seie oss mykje om formålsaspektet ved å skrive. Eg vil også seie litt om Blooms taksonomi, som kan nyttast når ein skal utforme skriveoppgåver. Deretter vil eg prøve å formulere nokre kjenneteikn på ei god skriveoppgåve. Til slutt i teoridelen vil eg seie litt om lærebøker.

### 2.1 Skriving

Eg vil først seie litt om kva skriving er, før eg ser nærmare på kva Kunnskapsløftet seier om skriving.

#### 2.1.1 Å skrive, kva er det?

Skriving kan sjåast på som ein prosess. Skriveformelen illustrerer kva komponentar skriving består av. Ein seier at skriving = bodskapsformidling x innkoding x motivasjon (Traavik, 2013, s. 40). Her kjem det tydeleg fram at ein må ha noko å skrive om, altså ein bodskap å formidle. Vidare må ein kunne kode inn bodskapen, ved hjelp av til dømes setningar (Traavik, 2014, s. 85). Til slutt peikar formelen på kor viktig motivasjon er når ein skal skrive. Skal ein bli god i noko, må ein øve mykje og ofte. Dersom elevane er motiverte, vil dei lettare kunne skrive, få meir skrivetrening og i større grad ha moglegheit til å utvikle skriveferdighetene sine (Traavik, 2014, s. 85). Sjølve motivasjonen kan kome innanfrå individet, men også utanfrå (Traavik, 2014, s. 85). Difor kan læraren ha ei viktig rolle i skriveprosessen, som ein faktor utanfor individet som påverkar motivasjonen. Vidare ser ein at fleire hevdar at skriveoppgåver styrer skrivinga som skjer i skulen (Kvistad & Smemo, 2015, s. 221), og difor er det viktig at skriveoppgåvene opnar for å motivere elevane til å skrive.

Det tek tid å utvikle gode skriveferdigheiter. I byrjinga av grunnskulen skal ein lære dei heilt grunnleggjande trekka ved å skrive, som til dømes å forstå samanhengen mellom fonem og grafem (Traavik, 2013, s. 39). Dette omtalar ein gjerne som den første skriveopplæringa. Etter den første skriveopplæringa skal elevane vidareutvikle dei ferdighetene som er lært (Traavik, 2014, s. 84). Denne opplæringa tek til når elevane er kome til mellomsteget og ein omtalar vidareutviklinga av skriveferdigheitene som den andre skriveopplæringa (Traavik, 2014, s. 83).

Eit viktig moment i den andre skriveopplæringa er at elevane skal lære seg å nytte skriving som reiskap for refleksjon og læring (Traavik, 2014, s. 87). Ut i frå dette kan ein tenkje seg at det er viktig at skriveoppgåver opnar for refleksjon og for at elevane skal kunne skrive seg til kunnskap.

### **2.1.2 Skriving i Kunnskapsløftet**

Med Kunnskapsløftet vart det innført fem grunnleggjande ferdigheter og skriving er ei av desse. Ein er avhengig av desse ferdighetene for å lære, for å utvikle seg og for at ein skal kunne syne sin faglege kompetanse (Udir, 2012, s. 5). Dei grunnleggjande ferdighetene skal arbeidast med i alle fag og dei er integrerte i kompetansemåla i kvart fag (Udir, 2012, s. 5). Rammeverket for grunnleggjande ferdigheter seier følgjande om det å kunne skrive (Udir, 2012, s. 14):

Å kunne skrive vil si å kunne ytre seg forståelig og på en hensiktsmessig måte om ulike emner og å kommunisere med andre. Skriving er også et redskap for å utvikle egne tanker og egen læring. For å kunne skrive forståelig og hensiktsmessig må ulike delferdigheter utvikles og samordnes. Dette innebærer å være i stand til å planlegge, utforme og bearbeide tekster som er tilpasset innholdet og formålet med skrivingen.

Denne formuleringa kastar lys på kor viktig skriving er. Skriving skal vere ein måte å uttrykkje seg sjølv på og eit middel for å kommunisere med andre. Skriving er eit viktig reiskap for å kunne utvikle tanken og eiga læring. Formuleringa trekk også fram kor viktig det er med eit skriveformål, elevane skal nemleg lære seg å utforme tekstar tilpassa innhaldet og formålet med skrivinga. Ein kan difor tenkje seg at det er viktig at skriveoppgåver formulerer tydeleg kva som er formålet med skrivinga og kva det skal skrivast om.

Sjølv om skriving skal arbeidast med i alle fag, kjem det fram i læreplanen for norsk at det ligg eit særskilt ansvar for å utvikle skriveferdighetene til eleven i norskfaget (Udir, 2013). Kompetansemåla etter 10. årstrinn er mange og forskjellige, men felles for alle er at ingen av dei nemner spesifikke sjangrar som elevane skal lære (Udir, 2013). I følgje Kringstad og Kvithyld fokuserer læreplanen i norsk meir på kva formål skrivinga skal ha, enn kva sjangrar ein skal innom (2013, s. 33). Dette heng saman med tanken om at skriving bør skje ut i frå eit formål og ikkje ut i frå ein spesifikk sjanger. Som Kringstad og Kvithyld poengterer, kan ein nå same formål gjennom ulike sjangrar (2013, s. 33). Ein ser dette att i dei ulike

kompetansemåla, til dømes opnar eit for at elevane skal lære å skrive kreative, informative, reflekterande og argumenterande tekstar (Udir, 2013).

Fleire peikar på at Kunnskapsløftet er ein literacy-reform. Literacy er eit relativt nytt omgrep i Noreg, og har mellom anna vorte omset til skriftkyndigkeit (Fjørtoft, 2014, s. 71). Dagrund Skjelbred seier følgjande om omgrepet (2010, s. 13):

Det handler om å få tilgang til alle kulturens tekster i vid forstand, om å bli kompetent til å ta seg fram i det tekstlandskapet som omgir oss, velge, vurdere, men også selv kunne sette sammen, produsere og gjenbruke tekster og slik få mulighet til å delta og påvirke den tekstkulturen vi lever i.

Ut i frå sitatet til Skjelbred kan ein sjå at literacy i stor grad handlar om skriftspråket vårt. Individet må få tilgang til tekstane som eksisterer i kulturen, ut i frå dette kan ein tolke at individet må kunne meistre å skrive tekstar sjølv og kunne lese tekst. Sitatet til Skjelbred syner oss at literacy er meir enn berre dette. Individet må kunne ta sjølvstendige avgjersler når det kjem til å velje, vurdere og sjølv sette saman tekst. Og når ein meistrar denne kompetansen vil ein kunne delta og påverke tekstkulturen ein er ein del av. Trekk ein parallelle til LK06, som seier at skriving er eit nødvendig verktøy for å lære og for å utvikle seg, både i skulen og i framtida (Udir, 2012, s. 12), kan ein forstå kvifor dette læreplanverket blir sett på som ei literacy-reform.

Ser ein dette i samanheng med skriveoppgåver, vil det vere nyttig at skriveoppgåver opnar for at elevane skal få prøve å ta sjølvstendige val og vurderingar. Elevane bør møte skriveoppgåver som opnar for at dei skal få utvikle denne kompetansen som Skjelbred omtalar i sitt sitat.

## 2.2. Skriveoppgåver

Det finst ulike definisjonar på kva ei skriveoppgåve er, eg har valt å ha fokus på ein definisjon i denne oppgåva. Mi oppfatning er at skriveoppgåver kan vere veldig ulike og difor kan det vere lurt å ha ein vidt syn på kva ei skriveoppgåve kan vere. Eg meiner definisjonen eg har hatt fokus på illustrerer dette.

Vidare vil eg vise korleis ein kan kategorisere ulike skriveoppgåver. Eg vil også trekke inn to modellar, skrivenhjulet og skrivetrekanten, som begge kastar lys på formålsaspektet ved å skrive. Eg vil også vise til Blooms taksonomi før eg til slutt formulerer nokre kriterier for kva ei god skriveoppgåve er.

## 2.2.1 Definisjon

”The National Writing Project”, eit britisk prosjekt som har som mål å forbetre skriving og læring i den engelske skulen, definerer skriveoppgåver slik:

Ei skriveoppgåve omfattar alle skriftlige oppgåver ein lærar ber elevane om, som involverer ein eller fleire av følgjande tankeprosessar: analyse, evaluering, tolking, fortelling, syntese, refleksjon, avklaring, oppsummering, kreativt utrykk og bruk eller demonstrasjon av kunnskap eller læring (Smith, 2011, s. 3, omset til norsk).

Definisjonen peikar på nokre fellestrekk ved skriveoppgåver. For det fyrste opnar oppgåvene for at elevane må nytte ulike tankeprosessar. Vidare ser ein at skrivinga blir pålagt, det er ikkje individet sjølv som tar initiativ til å skrive. I artikkelen ”Skriveoppgaver under lupen” kjem også dette synet fram. Hildegunn Otnes poengterer at skriveoppgåva kan kome frå lærar eller annan instans (2015, s. 12). Otnes trekkjer også fram at skriveoppgåver kan verte utvikla av lærebokforfattarar (2015, s. 11). Altså vil ein kunne finne skriveoppgåver i lærebøker.

Som definisjonen poengterer, er ei skriveoppgåve ein slags instruks frå læraren til eleven. Otnes trekk også dette fram i sin artikkel. Ho hevdar at det ligg ein felles forventning, uavhengig av fag, om at skriveoppgåvene skal gje ein instruks til eleven (2015, s. 14). Denne instruksen har som hensikt i å få eleven til å dokumentere noko, prestere, og helst kommunisere (Otnes, 2015, s. 14).

Skriveoppgåver kan nyttast på ulike måtar i utdanningssituasjonar, anten underveis i læringsprosessen eller ved sluttvurdering (Otnes, 2015, s. 11). Nokre gonger ynskjer ein å dokumentere kva elevane har lært i eit fag, andre gonger ynskjer ein at skriveoppgåvene skal opne for at elevane skal utvikle skriveferdigheita si (Otnes, 2015, s. 11).

## **2.2.2 Ulike typar skriveoppgåver**

Som det kjem fram av definisjonen av omgrepet skriveoppgåve, kan ei skriveoppgåve omfatte mange oppgåver som elevane møter i skulen. Det kan vere lurt å dele skriveoppgåvene inn i ulike kategoriar, for ofte har dei forskjellige fokusområde.

Hildegunn Otnes og Harald Morten Iversen har presentert ei tredelt kategorisering av skriveoppgåver. Den er basert på dei didaktiske hensiktene ved skriveoppgåva (Iversen & Otnes, 2016, s. 42). Tredelinga spring ut i frå omgropa innoverretta og utoverretta skriving. Innoverretta skriving handlar om å skrive for å tenke, ein skriv for å lære, reflektere og for sjølvutvikling (Iversen & Otnes, 2016, s. 40). Utoverretta skriving handlar om å skrive for å presentere og formidle noko til nokon andre (Iversen & Otnes, 2016, s. 40).

Den fyrste oppgåvetypen dei peikar på er *tenkeoppgåver* (Iversen & Otnes, 2016, s. 41). Formålet er at eleven skal nytte skrivinga i ein læreprosess. Slike oppgåver opnar for at eleven skriv til seg sjølv for å til dømes reflektere over eiga utvikling eller for at eleven skal kunne skrive seg inn i eit fagleg tema (Iversen & Otnes, 2016, s. 41).

Vidare løftar Iversen og Otnes fram *presentasjonsoppgåver* som ein oppgåvetype (2016, s. 41). Hensikta bak desse oppgåvene er at elevane skal øve seg på å skrive kommunikative tekstar, og skriveferdigheita til eleven er i fokus (Iversen & Otnes, 2016, s. 41).

Den siste oppgåvetypen Iversen og Otnes trekk fram er *dokumentasjonsoppgåver*, også kalla kontrolloppgåver (2016, s. 42). Målet med slike oppgåver er at eleven skal dokumentere kunnskapen sin. Det er viktig å hugse på at alle skriveoppgåver til ei viss grad vil fortelje læraren om eleven si kunnskap (Iversen & Otnes, 2016, s. 41). Dette opnar for at skriveoppgåver kan ha eit dobbelt formål, både det spesifikke formålet og dokumentasjon av kunnskap (Iversen & Otnes, 2016, s. 41).


Ein kan også dele skriveoppgåver inn etter om dei er autentiske eller konstruerte (Iversen & Otnes, 2016, s. 44). Dei autentiske oppgåvene opnar for at eleven skriv til ein reell mottakar innanfor ein autentisk kontekst (Iversen & Otnes, 2016, s. 44). Til dømes blir eleven bedt om å skrive ein invitasjon til ein klassefest. Ei konstruert skriveoppgåve vil handle om at kontekst og mottakar ikkje er ekte (Iversen & Otnes, 2016, s. 44). Det kan til dømes vere at oppgåva ber eleven om å skrive eit lesarinnlegg til ei avis om mobilbruk på skulen. Uansett om

rammene i oppgåva er autentiske eller konstruert hevdar Iversen og Otnes at det er viktig at oppgåvane definerer situasjonen tydeleg (2016, s. 45).

### 2.2.3 Skrivetrekanten

Skrivetrekanten er ein figur som kan nyttast i utviklinga av skriveoppgåver (Otnes, 2016, s. 42). Figuren syner oss tre aspekt ved skriving: innhald, form og formål (Otnes, 2016, s. 17). Alle dei tre aspekta påverkar kvarandre (Skrivesenteret, 2013), og difor er det viktig at ein har tenkt gjennom alle tre aspekta når ein utformar skriveoppgåver.

I tillegg til dei tre aspekta ved skriving er det viktig at elevane møter tydelege og avgrensa oppgåver for at dei skal kunne klare å skrive ein så god tekst som mogleg (Skrivesenteret, 2013). Klarar ein å ivareta dette vil elevane forhåpentlegvis oppleve skriving som ein meiningsfull aktivitet (Skrivesenteret, 2012).



Figur 1: Skrivetrekanten(Skrivesenteret, 2013)

Figuren peikar på at formål er eit viktig aspekt ved å skrive. Ein må tenke gjennom kvifor ein ber elevane om å skrive. Jon Smidt, som var med å utvikle figuren, hadde opplevd at det ofte var lite fokus på formålsaspektet ved skriving i skulen (Skrivesenteret, 2013). I følgje han handlar formålshjørnet i figuren om skrivesituasjon. Vidare poengterer Smidt at mottakaren av ein tekst er ein viktig del av skrivesituasjonen (Skrivesenteret, 2013).

Skrivetrekanten trekk også fram innhald som eit viktig aspekt ved å skrive (Skrivesenteret, 2013). Kva skal formidlast til mottakaren? Form er også heva fram, som handlar om at ein tilpassar skrivinga til situasjonen og innhaldet i teksten (Skrivesenteret, 2013). Trekk ein parallellellar til klasserommet, kan ein sjå for seg at form ofte er formidla som den sjangeren elevane skal nytte i skrivearbeidet. Ein kan også tenkje seg at det å lære å mestre ulike formar kan vere eit formål ved å skrive. Tidlegare i oppgåva nemner eg literacy-omgrepet, som mellom anna handlar om at individet skal kunne ta sjølvstendige avgjersler når det kjem til utforming av tekst. For å klare dette må individet kjenne til ulike sjangrar, men også korleis ein skal skrive i sjangrane. Ein bør difor øve på dette i skulen, mellom anna gjennom skriveoppgåver.

## 2.2.4 Formålsaspektet i skriveoppgåver


Rammeverket for grunnleggjande ferdigheter peikar på kor viktig skriving er, både for læring og utvikling i skulen og generelt i livet (Udir, 2012, s. 5). Skal ein klare å utvikle skriveferdigheter som eleven kan nytte her og no, men også i framtida, er det viktig at eleven opplev skrivinga som ein meiningsfull aktivitet (Lorentzen, 2008, s. 9). Det er viktig at skrivinga har eit klart formål, slik at eleven forstår kvifor ein skal skrive (Lorentzen, 2008, s. 9).

Ein modell som illustrerer kva ulike formål skriving kan ha, er Skrivehjulet. Modellen var i utgangspunktet laga av forskargruppa som stod bak utviklinga av nasjonale skriveprøvar i Noreg, men vart vidareutvikla i Normprosjektet (Otnes, 2015, s. 268). Normprosjektet føregjekk i perioden 2012-2016 og dei ynskja å utvikle felles normer for vurdering av skriveoppgåver (Normprosjektet, 2016). Prosjektet la til grunn eit funksjonelt syn på skriving, som handlar om kva ein kan gjere med skrift og kva ein kan oppnå gjennom skriving (Solheim & Matre, 2014, s. 78). Dette vart visualisert gjennom skrivehjulet. I skulesamanheng kan modellen vere til nytte når ein tenker gjennom formålet med skriving og formålet i skriveoppgåver.

Skrivehjulet er delt i to ringar. Den inste ringen skildrar seks grunnfunksjonar ved skriving (Smidt, 2008, s. 25). Desse grunnfunksjonane seier noko om formålet med å skrive. Skal ein utvikle kunnskap, eller skal ein til dømes prøve å påverke nokon? Den ytste ringen består av seks skrivehandlingar, som å informere, reflektere, skildre, utforske, førestille eller å overtyde (Otnes, 2015, s. 268).

Det er stipla linjer mellom dei ulike grunnfunksjonane og mellom skrivehandlingane, noko som seier oss at det ikkje er absolutte grenser mellom dei (Otnes, 2015, s. 268). Utanfor Skrivehjulet er kulturkontekst og situasjonskontekst nemnd. Dette viser oss at kulturelle vilkår påverkar skrivinga, og situasjonen skrivinga skjer i, spelar inn på skrivinga (Bakke, 2015, s. 71).

Framheving av funksjonelle sider ved skriving



Figur 2: Skrivehjulet (Skrivesenteret, 2013)

I midten av Skrivehjulet finn vi ein sirkel kalla ”skriftleg mediering”. Denne medieringa er materialiseringa av skrivehandlinga (Bakke, 2015, s. 71). Ein kan tenkje seg at skriftleg mediering er det same som verktøykassa til skrivaren (Bakke, 2015, s. 71). Ordforrådet til enkeltindividet er eit døme på kva som inngår i den skriftlege medieringa (Bakke, 2015, s. 71).

### 2.2.5 Blooms taksonomi


Blooms taksonomi er ein seksdelt modell som skildrar ulike nivå for kognitive mål (Øzerk, 2011, s. 42). Modellen blir mellom anna nytta ved utarbeidning av spørsmål og oppgåver i lærebøker (Øzerk, 2011, s. 43).

Taksonomien er delt i seks trinn. Kvart trinn skildrar eit bestemt kognitivt mål. *Kunnskap*, det lågaste trinnet handlar om at eleven skal kunne skildre, gjere greie for og gje att fagstoffet som blir arbeidd med (Øzerk, 2011, s. 43). Har eleven nådd det øvste nivået, *vurdering*, vil eleven vere i stand til å mellom anna diskutere, bedømme og kritisere det som er lært. Det er viktig å merke seg at kvart trinn omfattar dei underordna trinna (Øzerk, 2011, s. 42). Ein kan til dømes ikkje vere på analyse-nivået utan å meistre nivåa under dette trinnet.

Sett i samanheng med skriveoppgåver kan ein tenkje seg at ulike oppgåver opnar for ulike kognitive nivå. Nokre oppgåver vil kanskje ligge på det lågaste nivået, medan andre oppgåver krev at eleven er i stand til å vurdere fagstoff. Elevane i klasserommet er forskjellige og vil trenge ulike oppgåver. Det vil difor vere viktig at lærebøker inneheld oppgåver knytt til dei ulike nivåa.

### 2.2.6 Den gode skriveoppgåva, nokre kjenneteikn

Kvistad og Smemo hevdar at skrivinga i skulen i stor grad blir styrt av skriveoppgåver (2015, s. 221). Vidare peikar dei på at elevane er lojale mot dei skriveoppdraga dei får (2015, s. 221).



Figur 3: Blooms taksonomi (Øzerk, 2011, s. 43)

Legg ein dette til grunn, kan ein tenkje seg til kor viktig det er at elevane møter gode skriveoppgåver i skulen.

Anne Holten Kvistad og Jorun Smemo har sett nærmere på vellukka skriveoppgåver frå Normprosjektet. Dei tok utgangspunkt i skriveoppgåver gitt på 3. og 4. trinn, og prøvde å finne kjenneteikn ved dei oppgåvene som genererte høgt vurderte tekstar (2015, s. 222). Forskarane fann mellom anna ut at eit fellestrek var at oppgåvene var knytt mot undervisninga som skjedde (Kvistad & Smemo, 2015, s. 231). Altså, undervisningsopplegget i klasserommet var eit viktig utgangspunkt for den gode skriveoppgåva.

Eit anna funn i denne studien var at tydelege forventningar til innhald og utforming løfta skrivinga til elevane (Kvistad & Smemo, 2015, s. 239). Særleg dei elevane som hadde svake skriveprestasjoner drog nytte av tydelege føringer i oppgåvetekstane. Likevel må ein passe på at ein ikkje legg for mange føringer, for då kan litt av originaliteten i elevtekstane forsvinne (Kvistad & Smemo, 2015, s. 239).

Summert opp kan ein seie at ei god skriveoppgåve:

- Tek utgangspunkt i undervisninga som elevane møter i skulen.
- Formidlar tydelege forventningar til innhald og utforming.
- Har eit reelt formål og ein autentisk mottakar.

## 2.3 Lærebøker

Definisjonen av skriveoppgåver trakk fram at ei skriveoppgåve er ei bestilling på skriving, det er ikkje skriving som startar innanfrå individet. Ein stad elevane kan møte skriveoppgåver er i lærebøkene på skulen. Lærebøker er ein type litteratur dei fleste nyttar i skule- og utdanningsløpet (Askeland, Maagerø & Aamotsbakken, 2013, s. 11). Eit viktig kjenneteikn ved denne litteraturen er at dei inneheld ulike oppgåver som elevane skal løyse (Veum, 2015, s. 84). Læreboka har gjennom tidene hatt ein viktig plass i skulen, og dei er mykje brukt i dag til tross for gode læringsressursar på nett (Askeland et al., 2013, s. 11).

Tidlegare har det vore slik at alle lærebøker skulle godkjennast av staten (Skjelbred, 2010, s. 25). Denne ordninga vart oppheva i 2000, noko som mellom anna gjer at kven som helst i teorien kan lage lærebøker (Skjelbred, 2010, s. 25). Dette har opna for at ein i dag har mange ulike lærebøker knytt til dei forskjellige faga på marknaden.

I norskfaget på ungdomsskulen finn ein fleire ulike lærebøker. Nokre lærebøker er tilpassa eit einskild årstrinn, andre dekkjer alle tre åra på ungdomsskulen. Dei nyaste lærebøkene som finst på marknaden i dag er:

- *Nye kontekst 8-10 basisbok*
- *Fabel 8, 9 og 10.*
- *Saga*
- *På norsk 1, 2 og 3.*

I mitt forskingsarbeid har eg sett nærmere på *Nye kontekst 8-10 basisbok*, *Fabel 8* og *Fabel 10*. *Nye kontekst 8-10 basisbok* består av ei bok for alle tre årstrinna, medan *Fabel*-læreverket består av tre grunnbøker, ei til kvart årstrinn på ungdomsskulen. I tillegg til at læreverka består av trykte lærebøker, finns det også nettressursar knytt til bøkene.

## **3.0 Forskingsmetode**

I dette kapittelet vil eg presentere dei metodiske vala eg har tatt. Deretter vil eg seie litt om utvalet mitt. Til slutt vil eg vurdere resultatet, med tanke på gyldigheit, pålitelegheit og feilkjelder.

### **3.1 Kvalitativ metode**

Val av metode har mykje å seie for kva resultat og intrykk ein får av det ein forskar på. Eg ynskja å finne svar på korleis formålsaspektet vart behandla i skriveoppgåver i lærebøker. For å finne ut av dette valte eg å nytte kvalitativ metode. Kvalitativ metode opnar for at ein kan gå i djupna i eit emne og for at ein kan få utfyllande svar (Christoffersen & Johannessen, 2012, s. 17). Eg har tenkt at dokumentanalyse vil vere den arbeidsmåten som er naturleg å nytte i dette forskingsarbeidet og som forhåpentlegvis vil gje eit så presist resultat som mogleg. Ei kvalitativ tilnærming vil forhåpentlegvis opne for at eg får studert oppgåvetekstane nøyde og at eg får eit solid innblikk i korleis formålsaspektet blir behandla i skriveoppgåvene.

#### **3.1.2 Dokumentanalyse**

Ordet ”dokument” kan nyttast om fleire skriftlege kjelder, mellom anna lærebøker. Formålet med dokumentanalysen er å gje ei objektiv skildring av hovudtrekka (Christoffersen & Johannessen, 2012, s. 88) i ulike dokument. I mitt arbeid vil det vere å skildre hovudtrekka i sjølve oppgåvene ein finn i lærebøkene.

På førehand av analysen utarbeidde eg eit analyseskjema, sjå vedlegg 1, med fokus på nokre punkt. Eg har tatt utgangspunkt i teorien som er nytta i oppgåva. Eg vil sjå etter:

- Kva formål som blir formulert, med utgangspunkt i Skrivenhjulet.
- Kva kategori skriveoppgåva er.
  - Tenkeoppgåve, dokumentasjonsoppgåve eller presentasjonsoppgåve.
- Føringar om innhald.
- Føringar om form.

I tillegg til dette inneholder analyseskjemaet eit punkt som heiter ”generelt om læreboka” og ”generelt om utdraget”. Eg vel å ta med dette for at analysen skal vere oversiktleg og for å seie litt om korleis utdraga er bygd opp.

### 3.2 Utval

I norskfaget finn ein ulike lærebøker, som eg har vist til i teoridelen. Eg har valt å analysere:

- *Nye kontekst 8-10 basisbok* (1. utgåve). Boka vart gitt ut i 2014.
- *Fabel 8* (1. utgåve). Boka vart gitt ut i 2013.
- *Fabel 10* (1. utgåve). Boka vart gitt ut i 2015.

Eg valte bevisst å ikkje sjå nærmare på *Fabel 9*, fordi den ikkje inneheldt kapittel som kan knytast til dei kompetansemåla eg har tatt utgangspunkt i.

Eg har valt desse lærebøkene fordi alle er relativt nye og tilpassa den reviderte læreplanen i norsk. Vidare er lærebøkene litt ulikt bygd opp. *Nye kontekst* dekkjer alle årstrinna på ungdomsskulen. *Fabel 8* og *Fabel 10* er tiltenkt kvart sitt årstrinn. Eg hadde lite kjennskap til desse lærebøkene før eg starta med dette forskingsarbeidet. Eg hadde med andre ord ikkje opparbeida meg ei personleg mening om lærebøkene, noko som kan vere lurt med tanke på den subjektive dimensjonen i analysen.

Å sjå på alle oppgåvene i alle tre lærebøkene ville blitt for omfattande i forhold til omfanget på denne oppgåva. Difor har eg valt ut nokre kapittel, ut i frå nokre kompetansemål i læreplanen for norsk. Eg tok utgangspunkt i desse kompetansemåla (Udir, 2013):

- Gjøre rede for noen kjennetegn ved hovedgrupper av talemål i Norge, og diskutere holdninger til ulike talemål og til de skriftlige målformene nynorsk og bokmål.
- Forklare bakgrunnen for at det er to likestilte norske målformer, og gjøre rede for språkdebatt og språklig variasjon i Norge i dag.
- Gjøre rede for utbredelsen av de samiske språkene og for rettigheter i forbindelse med samisk språk i Norge.
- Gjengi innholdet og finne tema i et utvalg tekster på svensk og dansk.

Eg har valt desse kompetansemåla fordi eg trur dei kan opne for ulike typar formål i skriveoppgåvene. Vidare er desse kompetansemåla nokså konkrete når det kjem til kva elevane skal lære, i forhold til mange av dei andre kompetansemåla i læreplanen i norsk. Med dette utgangspunktet har eg difor analysert oppgåvene i kapittel 8 i *Nye kontekst 8-10 basisbok*, kapittelet som heiter ”Ei språkreise til vår eiga tid” i *Fabel 8* og kapittel 11 og 12 i *Fabel 10*.

### **3.3 Vurdering av resultat**

#### **3.3.1 Pålitelegheit, gyldighet og feilkjelder**

Pålitelegheit handlar om ein kan stole på at eg som forskar har gjort eit godt nok arbeid (Postholm & Jacobsen, 2011, s. 129). Å gjennomføre ei analyse vil alltid ha ein subjektiv dimensjon. Det vil seie at mine oppfatningar av lærebøkene og skriveoppgåvene til ei viss grad vil vere kopla mot eigne erfaringar og kunnskap. For å sikre eit påliteleg resultat vil det difor vere viktig at eg underbyggjer resultatet mitt med å sitere til lærebøkene, slik at det er mogleg å etterprøve resultata i dette forskingsarbeidet. Eg må også vere bevisst på å ikkje søke etter funn som støttar opp under eigne erfaringar i møte med lærebøkene. Det er også viktig at eg er medviten på at eigne personlege meiningar kan farge analysen, og ikkje nekte for dette.

Gyldigkeit dreier seg om ein har dekning for tolkingane av funna (Postholm & Jacobsen, 2011, s. 126). Eg laga eit analyseskjema på førehand, med ulike punkt som kunne gje informasjon om korleis formålsaspektet vart behandla i skriveoppgåvene. Analyseskjemaet spring ut i frå teori og funna er drøfta opp mot eit teoretisk grunnlag. Funna blir prøvd mot relevant teori for å sikre at mine eigne tolkingar er gyldige.

Ei feilkjelde i mitt arbeid vil vere at eg berre har sett på eit lite utdrag i lærebøkene. Vidare har eg heller ikkje sett på alle dei ulike lærebøkene som finst, og resultatet ville kanskje vore annleis om eg hadde brukt andre lærebøker som utgangspunkt. Eg prøver difor å vere forsiktig med å trekke store konklusjonar fordi utvalet mitt er så lite. Det skal også nemnast at eg har tatt utgangspunkt i nokre kompetansemål i læreplanen. Resultatet kan vorte påverka av dette valet.

## **4.0 Presentasjon av resultat**

Funna eg presenterer er tendensar eg har sett i lærebokutdraga. Eg vil presisere at lærebokutdraga også inneheld oppgåver som vik frå det eg presenterer her. For å underbygge resultata vil eg vise til dømer frå lærebokutdraga undervegs.

### **4.1 Formål ut i frå skrivenhjulet**

Eit av dei fyrste analysepunkta mine var knytt til kva funksjon ein kunne spore i dei ulike skriveoppgåvene, med utgangspunkt i formåla som er formulert i Skrivenhjulet. Dei ulike oppgåvene presenterte ulike formål, men eg vil no peike på tendensar som går igjen i utdraga.

#### **4.1.1 Kunnskapsutvikling i dei korte skriveoppgåvene**

I alle tre utdraga eg analyserte fantes det korte skriveoppgåver. Med korte skriveoppgåver meiner eg oppgåver der eleven skal skrive nokre setningar. Mange av desse oppgåvene var svært opne når det kom til korleis ein skulle løyse dei. Det stod altså ikkje konkret at eleven måtte skrive ned svaret sitt, men mange av dei kan løysast ved hjelp av skriving.

Eit døme på ei slik oppgåve, der det ikkje står konkret at eleven skal svare skriftleg finn ein i *Nye kontekst*, oppgåve 1b, side 333: ”Forklar orda *stigmatisere* og *trakassere*. ” (Blichfeldt & Heggem, 2014). Her kjem det altså ikkje tydeleg fram korleis ein skal løyse oppgåva, men eg har tolka det slik at eleven kan svare skriftleg. Formålet med denne oppgåva har eg tolka til å vere kunnskapsutvikling. Målet er at eleven skal utvikle fagleg kunnskap. I mange av dei korte skriveoppgåvene i alle tre utdraga kan ein tolke formålet til å vere kunnskapsutvikling. Ein ser det også til dømes i *Fabel 8*, oppgåve 1a, side 233: ”Kva er den mest iaugefallande skilnaden mellom urnordiske og norrøne namn? ”.

#### **4.1.2 Variasjon i skriveformål**

I dei lengre skriveoppgåvene, oppgåver som opnar for at eleven skal skrive meir enn eit par setningar, ser ein at skriveformåla varierer i større grad. Særleg dei lengre skriveoppgåvene i *Nye kontekst* har varierande skriveformål.

Konstruksjon av tekstverder er eit skriveformål, som finst i nokre skriveoppgåver i *Nye kontekst*. Dette formålet kom fram i oppgåve 5, side 328:

”Reflekter over talespråket. Tenk dykk at ein ungdom er blitt teken for å jukse på ein prøve. Korleis vil han eller ho fortelje dette til foreldra, og kva vil vedkommande seie til vennene? Skriv replikkane i dei to situasjonane”.

Formålet er ikkje presentert konkret i oppgåveteksten, men ein kan tolke det til å vere konstruksjon av tekstverd fordi eleven skal førestille seg korleis ein hadde opptredd i ein gitt situasjon. Vidare skal det nemnast at denne oppgåva er ei samarbeidsoppgåve, den opnar for at elevane utviklar tekst saman.

*Nye kontekst* inneheldt også oppgåver der ”påverknad” var eit formål. Oppgåve 10, side 337 er ei slik oppgåve, og her blir formålet skildra direkte til eleven:

”Skriv ein debattartikkel eller eit lesarinnlegg om krenkjande språkbruk, der formålet er å påverke lesarane til ”å velje orda sine med omhug”.”. (Blichfeldt & Heggem, 2014).

Samanliknar ein denne oppgåva med oppgåve 5, side 328 ser ein altså ein skilnad i korleis formålet blir presentert for eleven. Her blir det formulert direkte, medan den andre oppgåva skildrar formålet indirekte.

Utveksling av informasjon og å halde kontakt er også eit formål som kjem fram i dei lengre skriveoppgåvene i *Nye kontekst*. Oppgåve 8, side 337 ber eleven om å lage reglar for ikkje-krenkjande og ikkje-diskriminerande språkbruk (Blichfeldt & Heggem, 2014). Det spesielle ved denne oppgåva er at den peikar på kva reglane kan bli brukt til, nemleg som retningslinjer for språkbruk i klassen. Ein ser også at formålet ikkje er skildra direkte, men å skrive reglar kan ein tolke handlar om å utveksle informasjon.

Ein finn også døme på oppgåver der identitetsdanning og sjølvrefleksjon, metakommunikasjon og eigenvurdering er i fokus. I oppgåve 6b, side 328 får elevane i oppgåve å lage ei ordbok over slanguttrykk som dei bruker (Blichfeldt & Heggem, 2014.). Elevane skal samarbeide om å lage ordboka. Dette kan ein knyte til identitetsdanning og sjølvrefleksjon, men også utveksling av informasjon. Elevane blir bedt om å lage ei oversikt over slangord dei sjølve nyttar, men samtidig presentere det slik at andre skal forstå kva orda betyr.

Nokre av dei lengre skriveoppgåvene handlar om at elevane skal presentere eit emne. Slike oppgåver kan ein knyte til både kunnskapsorganisering og lagring, men også kunnskapsutvikling. Oppgåve 12, side 329 ber elevane om å lese om språkstatusen til det norske språket og presentere hovudinnhaldet i det dei har lese (Blichfeldt & Heggem, 2014). Her skal altså elevane både utvikle meir kunnskap, men dei må også klare å organisere og strukturere eit fagstoff. Vidare ser ein også at oppgåva opnar for både lesing og skriving.

#### **4.1.3 Kunnskapsutvikling og påverknad**

Av dei lengre skriveoppgåvene i *Fabel 8* og *Fabel 10* har mange av oppgåvene som formål å utvikle kunnskap hjå eleven. Dette ser ein mellom anna i oppgåve 8, side 236:

”Påstand: Knud Knudsen og Ivar Aasen hadde eigentleg same idé. Kvifor går det an å påstå noko slikt?” (Drivflaadt et al., 2013).

Formålet ved eit eventuelt skriftleg svar på denne oppgåva vil vere å utvikle kunnskap. Slike oppgåver finn ein også i *Fabel 10*, til dømes oppgåve 11, side 223, som ber elevane om å skrive ein leksikonartikkel om ein av dei sentrale personane i språkdebatten på 1800-talet (Fostås et al., 2015). Begge desse oppgåvene presenterer formålet indirekte.

Eit anna formål som går att i fleire av dei lengre skriveoppgåvene er å påverke, det ser ein særleg i *Fabel 8*. Oppgåve 5, side 236, ber eleven om å skrive eit lesarinnlegg der ein argumenterer for ein uttalelse frå Welhaven (Drivflaadt et al., 2013). Eleven skal altså argumentere, noko ein gjer for å overtyde eller påverke andre sine meningar. Fleire oppgåver handlar om det same, til dømes oppgåve 16c og 16d, side 239. Her skal elevane skrive argumenterande tekstar knytt til bruk av skriftspråk (Drivflaadt et al., 2013).

I *Fabel 10* finn ein mange oppgåver knytt til å setje om tekst og vise forståing for kva som står i svenske og danske tekstar. Dette heng saman med kompetansemålet frå Kunnskapsløftet som seier at elevane skal kunne gje att innhald og finne tema i svenske og danske tekstar (Udir, 2013). Ei interessant oppgåve knytt til kapittelet som behandlar dette kompetansemålet er oppgåve 5, side 238:

”Klar for ei utfordring? Skriv ein kort reflekterande tekst som byrjar med setningar ”Den danske og den svenske versjonen av ”Tusen bitar” sluttar litt ulikt men begge avslutningane er optimistiske”.”.

Her ser vi døme på ei oppgåve som opnar for fleire ulike formål. Eit formål kan vere kunnskapsutvikling, fordi eleven må seie noko om korleis ein song er bygd opp. Eigentleg

kan formålet her vere nesten alle dei ein finn i Skrivehjulet, alt etter korleis teksten blir. Eleven kan skrive om eigen erfaring knytt til teksten, eller skrive for å organisere kunnskapen sin.

## 4.2 Oppgåvetypar i lærebøkene

### 4.2.1 Dokumentasjonsoppgåver

Eit sentralt funn når det kjem til kategorisering av skriveoppgåvene er at dokumentasjonsoppgåver går igjen i alle tre lærebokutdraga. Særleg dei korte skriveoppgåvene kan ein sjå på som dokumentasjonsoppgåver. Ved hjelp av desse korte skriveoppgåvene skal eleven vise at fagstoffet er lært. Ein ser det til dømes i oppgåve 8a, side 239 i *Fabel 10*: ”Nemn tre ulikskapar i skrivemåten på dansk og svensk med utgangspunkt i dømetekstane”. Det finst også døme på lengre skriveoppgåver som kan kategoriserast som dokumentasjonsoppgåver.

Oppgåve 11 i *Fabel 10*, der eleven skulle skrive ein leksikonartikkkel, kan sjåast på som ei dokumentasjonsoppgåve. Det kjem ikkje fram i oppgåveteksten av teksten skal publiseraast og ein kan heller ikkje sjå på det som ei oppgåve der eleven skal nytte språket for å lære. Det verkar som eleven skal dokumentere kva som er lært. Ein finn også tydelege dokumentasjonsoppgåver i *Nye kontekst*. Kvart kurs inneheld oppgåver under overskrifta ”faguttrykk”, og desse kan tolkast som tydelege dokumentasjonsoppgåver.

### 4.2.2 Presentasjonsoppgåver og tenkeoppgåver

I alle tre lærebokutdraga finn ein få oppgåver som opnar for at teksten skal publiseraast eller nyttast til noko i ettertid. I ein del av dei lengre skriveoppgåvene kan det vere naturleg å presentere det ferdige produktet, utan at det kjem klart fram i oppgåveteksten. Det ser ein mellom anna i oppgåve 11, side 238 i *Fabel 8*. Her skal eleven lage ei språkhistorisk tidslinje, utan at oppgåveteksten seier noko om kva som skal gjerast med det ferdige resultatet (Fostås et al., 2013). Ei oppgåve som kan kategoriserast som presentasjonsskriving er oppgåva der elevne skal lage reglar for språkbruk i klasserommet. Her blir ein oppfordra til å nytte reglane som førande reglar for korleis ein pratar i klasserommet.

Tenkeoppgåver er kategorien for oppgåver som har som formål at eleven skal nytte skrivinga i ein læreprosess. Oppgåver som kjem under tittelen ”tenk over”, både i *Nye kontekst* og i

*Fabel*-bøkene kan sjåast på som tenkeoppgåver. Sjølv om ikkje desse oppgåvene seier konkret at eleven skal svare skriftleg, kan dei skrivast. Og dersom ein gjer det opnar dei for at ein kan skrive seg inn i kapitla.

Fleire av dei korte skriveoppgåvene i *Fabel*-bøkene kan også kategoriserast som tenkeoppgåver. Nokon oppgåver opnar for at eleven skal få reflektere i møte med fagstoffet i bøkene, og eleven får moglegheita til å skrive seg til kunnskap. Dette ser ein mellom anna i *Fabel 10*, oppgåve 12: ”Mange norske skuleelevar er negative til nynorsk som sidemål. Kva trur du det kjem av?” (Drivflaadt et al., 2015). Eleven må tenke og reflektere over eigne erfaringar og kan knyte det opp mot faginnhaldet i kapittelet.

### 4.3 Føringar om innhald

Så og seie alle oppgåvene la føringar når det kom til innhald i tekstane som skulle skrivast. Det kunne vere at eleven skulle svare på eit konkret spørsmål, reflektere rundt ein situasjon eller skrive om ein bestemt person eller eit bestemt tema. Det som varierte var kor detaljerte føringane om innhald var.

Oppgåve 11, side 223 i *Fabel 10* ber eleven om å skrive om ein sentral person i språkdebatten på 1800-talet (Drivflaadt et al., 2015). Elevane får velje mellom fire ulike personar. Eleven får altså vite kven teksten skal handle om, men det kjem ikkje fram av oppgåveteksten kva opplysningar om personen som bør vere med i leksikonartikkelen.

I *Nye kontekst* finn ein ei oppgåve som skil seg ut når det kjem til føringar om innhald. Oppgåve 8c, side 344 ber eleven om å skrive ein tekst om språk og haldningars (Blichfeldt & Heggem, 2014). Dette er ei særslig open oppgåve med tanke på føringar om innhald. Som eg også peika på er denne oppgåva særleg open når det kjem til kva formål skrivinga har, og det kan tenkast at det har samanheng med at kva teksten skal innehalde er så opent.

#### 4.4 Føringar om form

Eit sentralt funn er at mange av dei lengre skriveoppgåvene legg tydelege føringar for kva sjanger som skal skrivast. I alle tre lærebokutdraga finn ein oppgåver som ber eleven om å skrive saklege tekstar, til dømes lesarinnlegg og artiklar. Lesarinnlegget blir mellom anna presentert i *Fabel 8*, oppgåve 16, side 239. Oppgåva består av fire ulike skriveoppgåver, og to av desse ber eleven om å skrive lesarinnlegg.

Det kan virke som dei saklege sjangrane er meir i fokus enn skjønnlitterære. Få oppgåver opnar for at eleven skal skrive skjønnlitterært. Nokon av dei som opnar for andre sjangrar enn dei saklege, legg føringar om eit fagleg innhald. Til dømes oppgåve 9b, side 355 i *Nye kontekst* ber eleven om å skrive ein rap som presenterer språkhistoria (Blichfeldt & Heggem, 2014).

Nokon oppgåver legg føringar om lengd på det som skal skrivast. Nokon oppgåver ber elevane om å lage ei liste, skrive enkle setningar eller ein kort tekst. Oppgåve 12a, side 223 i *Fabel 10* ber til dømes eleven om å lage ei liste med argument (Drivflaadt et al., 2015).

Ein merkar også at dei korte skriveoppgåvene legg færre tydelege føringar om form, enn dei lengre skriveoppgåvene. Det kan henge saman med at dei korte skriveoppgåvene ikkje alltid ber eleven direkte om å svare skriftleg, og at det difor ikkje er føringar knytt til form eller lengd på svaret.

## **5.0 Drøfting**

Eg vil no drøfte funna i mitt forskingsarbeid. Eg vil først drøfte korleis skriveformål blir formulert i skriveoppgåvene, før eg seier litt om kva typar skriveformål ein finn i dei ulike skriveoppgåvene. Deretter vil eg peike på kva oppgåvetypar dei ulike skriveoppgåvene kan kategoriserast som, og drøfte kva dette har å seie for skriveformålet. Vidare vil eg drøfte korleis føringar om innhald og form er med på å påverke skriveformålet i skriveoppgåvene. Til slutt vil eg seie litt om vegen vidare for skriveoppgåver og vise til den nye læreplanen som er under utvikling.

## **5.1 Skriveformål**

### **5.1.1 Formulering av formålet i skriveoppgåvene**

I dei fleste skriveoppgåvene i alle tre lærebokutdraga blir ikkje skriveformålet nemnd konkret. Dette kan kanskje føre til at elevane ikkje heilt forstår kvifor dei skal skrive. Det er, som nemnd i teoridelen, viktig at elevane møter tydelege formål, slik at dei veit kvifor dei skal skrive og slik at elevane opplev skrivinga som meiningsfull (Lorentzen, 2008, s. 9). Ein kan tenkje seg at eit tydeleg formål også vil påverke motivasjonen til eleven. Veit ein kvifor ein skriv, kan det også bli lettare å skrive. Skriveformelen poengterer at motivasjon er viktig i sjølve skriveprosessen (Traavik, 2014, s. 85).

Ei årsak til at skriveformålet ikkje blir nemnd konkret i oppgåvetekstane kan vere fordi mange oppgåver ikkje seier at elevane må nytte skriving for å løyse dei. Når ikkje skriving blir nemnd i oppgåvene, vil det heller ikkje vere naturleg å nemne eit skriveformål. Det betyr likevel ikkje at oppgåvene ikkje har eit formål, men ein må tydeleggjere det for elevane. Då kjem ein inn på kor viktig rolle læraren har i møte med skriveoppgåvene i lærebøkene. Eleven er på mange måtar avhengig av fleire føringar enn det som kjem fram i oppgåvetekstane, og det er naturleg at det er læraren som legg desse føringane.

Gjennom kompetanseområdet LK06 blir ein presentert for kva elevane skal lære, men korleis ein skal nå måla blir det sagt mindre om. Det blir altså opp til den einskilde lærar å bestemme korleis elevane skal nå desse måla. Det kan virke som lærebøkene prøver å ivareta denne metodefridommen, og difor blir det i liten grad kommunisert korleis ein skal løyse oppgåvene. Læreplanen legg også vekt på at vi har fem grunnleggjande ferdigheter som det skal arbeidast med på vegen mot å nå måla i læreplanen (Udir, 2012, s. 5). Kor tid i

læreprosessen ein nyttar dei ulike ferdigheitene kan variere og det kan sjå ut som at oppgåvene i lærebøkene opnar for fleire moglegheiter når det kjem til utføring.

### 5.1.2 Variasjon i skriveformål

Til trass for at skriveformåla kanskje er litt underkommunisert til eleven, betyr det ikkje at skriveoppgåvene ikkje har eit formål. Resultata i dette forskingsarbeidet peikar i retning av at alle tre lærebokutdraga inneheld skriveoppgåver med ulike skriveformål. Særleg teikn til variasjon i kva formål elevane skal skrive ut i frå, fann ein i dei lengre skriveoppgåvene.

Samanliknar ein dei tre lærebokutdraga, kan det sjå ut som at *Nye kontekst* har litt meir variasjon i skriveformåla enn dei to andre lærebokutdraga. Elevane møter oppgåver der formålet mellom anna er konstruksjon av tekstverd, påverknad og kunnskapsutvikling. Variasjon i formål kan vere bra, då får elevane trena seg på å skrive ulike typar tekstar. Ein kan også tenkje seg at varierte skriveformål er bra for motivasjonen til elevane, då dei får skrive varierte tekstar. Og som vi veit er motivasjon ein viktig for å utvikle gode skriveferdigheiter (Traavik, 2014, s. 85).

Knyt ein variasjonen i skriveformålet mot Blooms taksonomi, kan ein tenkje seg at ulike skriveformål opnar for ulike kognitive mål. Skriveoppgåver med kunnskapsutvikling som formål vil kanskje i større grad krevje lågare kognitive mål, enn oppgåver med påverknad som formål. Elevane ein møter i klasserommet vil vere forskjellige og deira faglege nivå vil variere. Difor kan det vere lurt med varierte skriveformål, slik at ein når alle elevane.

Når det kjem til variasjon bør ein også trekke fram at nokre skriveoppgåver i lærebokutdraga har meir enn eit skriveformål. Som skrivenhjulet illustrerer, er det stipla linjer mellom dei seks formåla. Dette viser oss at det ikkje er absolute skilje mellom dei ulike formåla. Oppgåva i *Nye kontekst*, der elevane skal lage reglar for språkbruk i klasserommet er ei slik oppgåve. Eit skriveformål kan vere å påverke kvarandre til god språkbruk. På den andre sida kan eit skriveformål vere å informere om kva ein tenkjer er god språkbruk. Det kan vere nyttig med skriveoppgåver som har fleire skriveformål. Slike oppgåver kan opne for at elevane får øvd på fleire skriveformål samtidig. Likevel bør det nemnast at kanskje elevar kan bli forvirra dersom det ikkje kjem klart fram kva som er meinингa med skrivinga, og at det difor er viktig at oppgåvetekstane er med å formulere tydleg kva meinингa er.

### **5.1.3 Kunnskapsutvikling**

Eit skriveformål som går igjen i fleire av skriveoppgåvene i lærebokutdraga er kunnskapsutvikling. Ein finn dette skriveformålet i mange av dei korte skriveoppgåvene, men også i ein del av dei lengre skriveoppgåvene. Skriveoppgåver som ber eleven om å presentere ulike faglege emne har ofte kunnskapsutvikling som skriveformål.

Alle tre lærebøkene poengterer at dei er utforma og tilpassa LK06 og den reviderte læreplanen i norsk. Eit sentralt syn i dette læreplanverket er at skriving er eit reiskap for å lære (Udir, 2012, s. 14). Det kan sjå ut som lærebøkene prøver å ivareta denne funksjonen ved skriving, nemleg at ein kan opparbeide seg kunnskap ved å skrive.

Ein ser også at skriveoppgåvene i lærebokutdraga er tett knytt mot det faglege innhaldet i kapittelet. Dette er kanskje også med på å avgjere kva skriveformål dei ulike skriveoppgåvene får. Det kan sjå ut som at oppgåvene prøver å hjelpe eleven på veg mot å hugse og lære det konkrete faglege innhaldet i kapittelet.

Det lågaste nivået i Blooms taksonomi blir kalla for *kunnskap* (Øzerk, 2011, s. 43). Dette nivået krev mellom anna at eleven skal kunne skildre, gjere greie for og kjenne att det faglege innhaldet (Øzerk, 2011, s. 43). Eit sentralt poeng med Blooms taksonomi er at ein er avhengig av dei lågare trinna i taksonomien for å meistre dei høgare trinna (Øzerk, 2011, s. 42). Ser ein skriveoppgåvene i lys av dette kan ein tru at lærebokutdraga legg vekt på at elevane skal nå dei lågare trinna i Blooms taksonomi. Det kan sjå ut som lærebokutdraga prøver å sikre at elevane har ein basiskunnskap om eit emne, før dei til dømes skal klare å ta sjølvstendige vurderingar, som er eit av dei høgare nivåa i Blooms taksonomi.

## **5.2 Oppgåvetypar**

I alle tre lærebokutdraga finn ein mange oppgåver som kan kategoriserast som dokumentasjonsoppgåver. Felles for desse er at ein kan oppfatte at eleven skriv til læraren og hensikta er at eleven skal dokumentere kva han/ho har lært eller syne forståing knytt til eit emne. Ein ser at det er ein lang tradisjon for slike oppgåver i skulen (Iversen & Otnes, 2016, s. 42). Elevane vil til dømes møte slike oppgåver på eksamen og på prøvar undervegs i skuleforløpet (Iversen & Otnes, 2016, s. 42). Difor kan ein tenkje seg at det er nokså normalt at elevane også møter slike oppgåver i lærebøkene.

Ein del av oppgåvene som eg har definert som dokumentasjonsoppgåver, kunne også vore presentasjonsoppgåver. Hensikta med presentasjonsoppgåver er at eleven skal skrive gode, kommunikative tekstar (Iversen & Otnes, 2016, s. 41). Eit kjenneteikn ved slike oppgåver er at dei skal lesast eller publiserast, og som oftast kjem det fram i oppgåveteksten korleis dette skal skje (Iversen & Otnes, 2016, s. 41). Mange av oppgåvetekstane i lærebokutdraga presiserer ikkje at teksten skal publiserast og ein kan difor tolke oppgåvene som dokumentasjonsoppgåver. Her ser ein igjen at læraren spelar ei viktig rolle i møte med dei ulike skriveoppgåvene i lærebokutdraga. Dersom læraren legg føringar om kva som skal skje med skrivinga, vil kanskje oppgåvetype også endre seg.

Eit døme på ei slik oppgåve er oppgåve 11, side 223 i *Fabel 10*. Denne oppgåva ber eleven om å skrive ein leksikonartikkel om ein sentral person i språkdebatten på 1800-talet (Fostås et al., 2015). Når det ikkje blir sagt noko om kva som skal skje med teksten, går ein ut i frå at det berre er læraren som skal lese den ferdige teksten og difor kan ein sjå på oppgåva som ei dokumentasjonsoppgåve. Dersom læraren til dømes hadde gitt utrykk for at alle leksikonartiklane skulle samlast i ei bok i klasserommet, ville oppgåva endra seg til å bli ei presentasjonsoppgåve.

Det er ikkje berre oppgåvetype som ville vorte endra om læraren la slike føringar. Det kan tenkjast at også skriveformålet ville endra seg. I utgangspunktet har eg tolka skriveformålet i denne oppgåva til å vere kunnskapsutvikling. Ein kan tenkje seg at skriveformålet også kunne ha vore utveksling av informasjon dersom teksten skulle publiserast. Ein ser altså at oppgåvetype også har ein del å seie for skriveformålet i skriveoppgåvene.

Camilla Renbjør Valen presenterte i 2013 si masteroppgåve, som omfattar ei komparativ analyse av tre lærebøker med fokus på samansette tekstar (Valen, 2013, s. 2). Eit funn i hennar forsking var at publisering av eigne samansette tekstar ikkje vart ivareteke i skriveoppgåvene i lærebökene (Valen, 2013, s. 55). Hennar funn peikar altså i same retning som mine, når det kjem til publisering av tekst. Ser ein dette i lys av kor viktig det er at elevane møter autentiske oppgåver med eit klart formål, er det urovekkjande av få oppgåver opnar for at elevane skal få publisere tekstane sine.

Den siste kategorien av oppgåver er tenkeoppgåver. Hensikta bak slike oppgåver er at elevane skal nytte skrivinga for å lære og for å tilegne seg eit kunnskapsstoff (Iversen & Otnes, 2016, s. 41). Ein finn også slike oppgåver i lærebokutdraga, men oppgåvetekstane seier ofte lite konkret om elevane skal nytte skrivinga i prosessen. Til dømes finn ein i alle tre lærebokutdraga oppgåver som skal setje elevane sine tankar i gong. I *Nye kontekst* finn ein ”tenk over”-oppgåver i byrjinga av kvart kurs, i *Fabel*-bökene kjem det liknande oppgåver undervegs i kapittelet. Desse oppgåvene, dersom eleven får beskjed om å svare skriftleg, kan sjåast på som slike tenkeoppgåver. Her vil ikkje teksten og skriveferdigheita vere i fokus, men det at skriving kan vere eit viktig reiskap i sjølve læreprosessen (Iversen & Otnes, 2016, s. 41).

### 5.3 Føringar om innhold

Alle skriveoppgåvene i dei ulike lærebokutdraga legg føringar om innhold. Det kjem fram i dei ulike oppgåvetekstane, kva eleven skal skrive om, og kva teksten skal handle om. Ein kan med andre ord seie at innhaldsaspektet ved å skrive er godt ivaretatt i skriveoppgåvene. Dette kan henge saman med kor viktig det er å ha noko å skrive om. Ser vi tilbake på kva skriveformelen trekk fram som viktig, utgjer bodskapen ein viktig del av skriveprosessen (Traavik, 2014, s. 85). Ein må ha noko ein vil formidle. Dette kjem også til syne i skrivetrekanten, som illustrerer at innhold er eit aspekt ved å skrive (Skrivesenteret, 2013).

Sjølv om alle skriveoppgåvene inneheld opplysningar om kva det skal skrivast om, varierer føringane knytt til innhaldet. I nokre oppgåver får eleven relativt opne føringar med tanke på innhald, til dømes i oppgåve 8c, side 344 i *Nye kontekst*. I oppgåveteksten kjem det fram at teksten skal handle om språk og haldningars (Blichfeldt & Heggen, 2014). Andre oppgåver legg sterkare føringar knytt til innhald, til dømes skal eleven skrive eit lesarinnlegg som inneheld argument for at ein skal få skrive akkurat slik som ein vil (Drivflaadt et al., 2013, s. 239).

Denne variasjonen i føringar om innhald er nokså interessant. Dei oppgåvene som er relativt opne når det kjem til innhald, opnar for fleire ulike skriveformål. Oppgåve 8c, som er nemnd over, kan har fleire moglege skriveformål, som vil bli bestemt ut i frå kva bodskap eleven sender. Skriveformålet vil sjølv sagt også henge saman med kva form teksten har, men ein ser også at innhaldet også spelar inn på skriveformålet. Denne koplinga som finn stad mellom innhald og formål blir mellom anna illustrert i Skrivetrekanten (Skrivesenteret, 2013). Ein ser

altså at kva som blir formulert om innhaldet i teksten er med på å påverke skriveformålet i skriveoppgåvene.

## 5.4 Føringar om form

Mange av dei lengre skriveoppgåvene la tydelege føringar om kva type tekst som skulle skrivast. Det vart ofte presisert kva sjanger elevane skulle nytte i dei ulike skriveoppgåvene. I dag veit ein at ein kan nå same skriveformål gjennom ulike sjangrar (Kringstad & Kvithyld, 2013, s. 33). Ein ser også at læreplanen i norsk ikkje trekk fram spesifikke sjangrar, den fokuserer meir på kva formål skrivinga skal ha (Kringstad & Kvithyld, 2013, s. 33). I skriveoppgåvene i lærebokutdraga ser det ut som at det er nokre sjangrar som går att, til dømes lesarinnlegg og artikkelsjangeren. Det kan altså virke som at lærebokforfattarane har valt ut nokon spesifikke sjangrar, som dei meiner er aktuelle å arbeide med i norskfaget.

Som nemnd ser ein at skriveoppgåvene i lærebokutdraga opnar for skriving i saklege sjangrar. Det er interessant å sjå dette funnet i samanheng med KAL-prosjektet, som føregjekk rundt år 2000. Prosjektet ”Kvalitetssikring av læringsutbytet i norsk skriftleg” analyserte over 3000 eksamensinleveringar i perioden 1998-2001 og målet var å vurdere kva elevane fekk til og ikkje fekk til i norsk skriftleg (Evensen, 2003, s. 3). Det kom mellom anna fram at 65-75% av elevane skreiv forteljande sjangrar ved avgangseksamen på 10. trinn (Evensen, 2003, s. 11). Det viste seg også at dei forteljande sjangrane oftast var representert i oppgåvene elevane kunne velje mellom (Evensen, 2003, s. 11). Berre 10-15% av elevane valte å skrive om sakorienterte emne innan sakprosasjangeren (Evensen, 2003, s. 12).

Fleire har tolka elevane sine oppgåveval i perioden som eit utrykk for kva tekstar dei meistra best (Solheim & Matre, 2014, s. 76). Solheim og Matre peikar på at resultata av oppgåvevala viste at elevane mangla ei breidde i skrivekompetansen sin, samt at tekstane elevane skreiv var lite relevant for eit vidare samfunnsliv (2014, s. 76). Ser ein dette i lys av LK06 som ynskjer at læringa i skulen skal vere grunnlaget for framtida, kan det tenkjast at prioriteringa av kva som skal skrivast, med tanke på form, har endra seg. Dette ser ein også då igjen lærebökene, som no kanskje vektlegg saklege sjangrar i større grad enn forteljande sjangrar.

Det skal også nemnast at resultatet knytt til form, kan også henge saman med kva kompetanse mål eg har sett på. Alle kompetanse måla eg har valt ut knyter seg mot kapittel som har eit tydleg kunnskapsinhald, til dømes skal elevane lære om språkhistoria. Hadde eg

lagt andre kompetanse mål til grunn i forskingsarbeidet ville kanskje det vore større variasjon i kva sjangrar som vart prioritert.

## 5.5 Vegen vidare

Dagens læreplanverk kastar lys på ulike skriveformål. Skrivinga bør altså skje ut i frå eit formål og ikkje ein bestemt sjanger. Fleire forskrarar peikar på kor viktig det er at skrivinga har eit formål, slik at eleven opplev skriving som ein meiningsfull aktivitet. Det kan sjå ut som at lærebøkene har ein veg å gå, når det kjem til å formidle desse skriveformåla til eleven. Sjølv om skriveformåla finst i skriveoppgåvene, bør dei kanskje bli endå tydelegare formulert for å sikre at elevane har forstått kvifor dei skal skrive.

Mitt forskingsarbeid peikar på korleis formålsaspektet blir behandla i skriveoppgåver i lærebøkene. Eit sentralt poeng som har kome fram i dette arbeidet er at læraren spelar ei viktig rolle når det kjem til skriveoppgåvene i lærebøkene. Eg har i dette arbeidet ikkje sett nærmere på korleis skriveoppgåvene faktisk fungerer i praksis, noko som kunne vore interessant i vidare arbeid. Kva føringar legg den einskilde lærar, og korleis påverkar dette skriveformålet i skriveoppgåvene? Det hadde også vore interessant å sett på korleis elevane opplev skriveoppgåvene, sidan det er dei som faktisk skal utføre dei.

### 5.5.1 Ei fornying av Kunnskapsløftet

I 2016 vart Meld. St. 28 (2015-2016) presentert og her kom det fram at det vil skje ei fornying av Kunnskapsløftet. Ein såg mellom anna at elevar hadde eit svakt fagleg utbyte av opplæringa, til tross for at LK06 hadde fokus på grunnleggjande ferdigheiter og faglege mål (Meld. St. 28 (2015-2016), 2016, s. 6). Det er også urovekkjande av mange elever ikkje fullførar vidaregåande opplæring. Stortingsmeldinga peikar også på at læreplanane knytt til kvart einskild fag er svært omfattande, dei inneheld mange ulike mål og dette gjer at ein ikkje har tid til djupnelærings i skulen (Meld. St. 28 (2015-2016), 2016, s. 7).

Det vil altså skje ei fornying av faga og den generelle delen av læreplanen (Meld. St. 28 (2015-2016), 2016, s. 7. Eit sentralt mål i denne fornyinga vil vere å styrke elevane si djupnelærings og forståing (Udir, 2017). Elevane skal med andre ord få meir tid til å gå i djupna i ulike faglege emne. Vidare vil kritisk tenking og refleksjon bli løfta fram som viktig å lære i skulen (Udir, 2017).

Læreplanane er omfattande og det skal takast ei prioritering i forhold til det faglege innhaldet i dei (Meld. St. 28 (2015-2016), 2016, s. 33). Utdanningsdirektoratet presiserer at dei nye læreplanane, som skal takast i bruk hausten 2020, skal ha eit meir relevant innhald enn kva dei har i dag (2017). Det vil bli interessant å sjå kva som vil bli prioritert og kva som vil bli tatt vekk i norskfaget.

Ut i frå dette kan ein håpe at ein vil få meir tid til å arbeide med dei viktige emna i kvart einskild fag. Det er ingen tvil om at det vil verte ein utfordrande jobb for dei som skal velje ut kva som bør prioriterast og ikkje i norskfaget. Kunnskapsløftet, slik det er i dag, blir sett på som ein literacy-reform, der skriving er ein viktig del av grunnlaget ein nyttar for å lære. Dagens læreplanverk trekk også fram kor viktig skriveferdigheita er vidare i livet til enkeltindividet. Det vil bli spennande å sjå om dette synet på skriving vil bli vidareført i fornyinga som kjem.

## 6.0 Oppsummering

Problemstillinga mi var som følgjande: *"Korleis blir formålsaspektet behandla i skriveoppgåver i lærebøker? Ein analyse av lærebøker for norskfaget på ungdomstrinnet."*

Eit funn i mitt forskingsarbeid er at skriveformålet ikkje alltid blir tydeleg formulert til elevane. Det ligg latent i oppgåvene og læraren bør i mange tilfelle utdjupe og presisere skriveformåla for elevane.

Ein kan sjå ei samanheng mellom oppgåvetype og skriveformål. Når elevane skal gjennomføre dokumentasjonsoppgåver ser ein at skriveformålet ofte er kunnskapsutvikling. Dersom oppgåvene dreiar meir mot å vere presentasjonsoppgåver, påverkar også det skriveformålet i skriveoppgåvene. Innhaldet i det som skal skrivast og forma på tekst også med å påverke skriveformålet i skriveoppgåvene. Mange av skriveoppgåvene opnar for at elevane skal skrive tekst med eit fagleg innhald og innhaldet skal ofte presenterast gjennom saklege sjangrar. Ein ser at skriving blir sett på som eit viktig reiskap for å kunne lære.

For å summere opp kan ein seie at formålsaspektet er i skriveoppgåvene, men at det ikkje alltid er heilt tydeleg. Ein ser at det er fleire faktorar i skriveoppgåvene som påverkar skriveformålet og som kan gje oss informasjon om kva som er formålet med skriveoppgåva.

## 7.0 Litteraturliste

### **Bøker:**

Askeland, N., Maagerø, E. & Aamotsbakken, B. (2013). Forord. I Askeland, N., Maagerø, E. & Aamotsbakken, B. (Red.), *Læreboka. Studier i ulike læreboktekster*. Trondheim: Akademika forlag.

Bakke, J. O. (2015). Å ”late tanker” med penn og tastatur: Skrivehjulet og skriving som grunnleggende ferdighet. I K. Kverndokken (Red.), *101 skrivegrep – om skriving, skrivestrategier og elevers tekstskapning*. (s. 56-75). Bergen: Fagbokforlaget.

Blichfeldt, K. & Heggem, T., G. (2014). *Nye konteskt 8-10 basisbok* (1. utg.) Oslo: Gyldendal Undervisning.

Christoffersen, L. & Johannessen, A. (2012). *Forskningsmetode for lærerutdanningene*. Oslo: Abstrakt forlag.

Drivflaadt, E., Fostås, A-G., Hjulstad, K., Horn, H., Johnsrud, E. B., Nitteberg, M. & Ommundsen, Å. M. (2013). *Fabel 8* (1. utg.) Oslo: Aschehoug.

Fjørtoft, H. (2014). *Norskdidaktikk*. Bergen: Fagbokforlaget.

Fostås, A-G., Horn, H., Johnsrud E. B., Nilssen, J. H., Nitteberg, M., Ommundsen, Å. M & Ødegaard, H. (2015). *Fabel 10* (1. utg.) Oslo: Aschehoug.

Kvistad, A. H. & Smemo, J. (2015). Den gode skriveoppgaven? En studie av fellestrekks ved vellykkede skriveoppgaver fra Normprosjektet. I H. Otnes (Red.), *Å invitere elever til skriving: ulike perspektiver på skriveoppgaver*. (s. 221-241). Bergen: Fagbokforlaget.

Iversen, H. M. & Otnes, H. (2016). *Å lære å skrive: tekstkompetanse i norskfagets skriveopplæring*. Oslo: Universitetsforlaget.

Lorentzen, R. T. (2008). Å skrive i alle fag. I J. Smidt (Red.), *Å skrive i alle fag*. (s. 9-21). Oslo: Universitetsforlaget.

Otnes, H. (2015). Skriveoppgaver under lupen. I H. Otnes (Red.), *Å invitere elever til skriving: ulike perspektiver på skriveoppgaver*. (s. 11-24). Bergen: Fagbokforlaget.

Otnes, H. (2015). Skrivehjulet. I H. Otnes (Red.), *Å invitere elever til skriving: ulike perspektiver på skriveoppgaver*. (s. 268). Bergen: Fagbokforlaget.

Postholm, M., B. & Jacobsen, D., I. (2011). *Læreren med forskerblikk*. Kristiansand: Høyskoleforlaget.

Skjelbred, D. (2010). *Fra fadervår til facebook: skolens lese- og skriveopplæring i et historisk perspektiv*. Bergen: Fagbokforlaget

Smidt, J. (2008). Skriving og skriveformål – barns og unges veier til ulike fag. I J. Smidt (Red.), *Å skrive i alle fag*. (s. 22-36). Oslo: Universitetsforlaget.

Traavik, H. (2014). Den andre skrive- og leseopplæringa: skriving. I B. K. Jansson & H. Traavik (Red.), *Norskboka 2* (s. 83-112). Oslo: Universitetsforlaget.

Traavik, H. (2013). Den tidlige skrive- og leseutviklinga. I B. K. Jansson & H. Traavik (Red.), *Norskboka 1* (s. 39-54). Oslo: Universitetsforlaget.

Veum, A. (2015). Skriveoppgaver i utvikling? I H. Otnes (Red.), *Å invitere elever til skriving: ulike perspektiver på skriveoppgaver*. (s. 83-102). Bergen: Fagbokforlaget

Øzerk, K. (2011). *Pedagogikkens hvordan 2*. Oslo: Cappelen Damm

### **Internett:**

Evensen L., S. (2003). *Kvalitetssikring av læringsutbyttet i norsk skriftlig (KAL-prosjektet)*. (Samandragsrapport). Henta frå:

<http://www.forskningsradet.no/csstorage/vedlegg/evensen.pdf>

Kringstad, T. & Kvithyld, T. (2013). Skriving på ungdomstrinnet. Fem prinsipper for god skriveopplæring. *Bedre skole* (2), s. 71-79. Henta frå:

[http://www.skrivesenteret.no/uploads/files/BS-2-13\\_web\\_Kringstad\\_Kvithyld.pdf](http://www.skrivesenteret.no/uploads/files/BS-2-13_web_Kringstad_Kvithyld.pdf)

Meld. St. 28 (2015-2016). (2016). *Fag – Fornyelse – Forståelse. En fornyelse av Kunnskapsløftet*. Henta frå :

<https://www.regjeringen.no/contentassets/e8e1f41732ca4a64b003fca213ae663b/no/pdfs/stm201520160028000dddpdfs.pdf>

Normprosjektet. (u.å). Henta frå: <http://norm.skrivesenteret.no>

Solheim, R. & Matre, S. (2014). Forventninger om skrivekompetanse. *Viden om læring*, 2014 (4), s. 76-88. Henta frå: [http://norm.skrivesenteret.no/wp-content/uploads/2014/03/videnom\\_15\\_8.pdf](http://norm.skrivesenteret.no/wp-content/uploads/2014/03/videnom_15_8.pdf)

Utdanningsdirektoratet. (2017). *Hva er fornyelsen av fagene i skolen?* Henta frå:

<https://www.udir.no/laring-og-trivsel/lareplanverket/fagfornyelsen/nye-lareplaner---2020/>

Utdanningsdirektoratet (2013). *Læreplan i norsk*. (NOR1-05). Henta frå:

<https://www.udir.no/kl06/NOR1-05>

Utdanningsdirektoratet. (2012). *Rammeverk for grunnleggende ferdigheter*. Henta frå:

[https://www.udir.no/Upload/larerplaner/lareplangrupper/RAMMEVERK\\_grf\\_2012.pdf?epslanguage=no](https://www.udir.no/Upload/larerplaner/lareplangrupper/RAMMEVERK_grf_2012.pdf?epslanguage=no)

Skrivesenteret (2013). *Skrivetrekanten: videoforedrag med Jon Smidt*. Henta frå:

<http://www.skrivesenteret.no/ressurser/skrivetrekanten-videoforedrag-med-jon-smidt-ny/>

Skrivesenteret (2013). *Skrivehjulet*. Henta frå:

<http://www.skrivesenteret.no/ressurser/skrivehjulet/>

Smith M. A. (2011). *Writing Assignment Framework and Overview*. National writing project. Henta frå:

[https://www.nwp.org/cs/public/download/nwp\\_file/15410/Writing\\_Assignment\\_Framework\\_and\\_Overview.pdf?x-r=pcfile\\_d](https://www.nwp.org/cs/public/download/nwp_file/15410/Writing_Assignment_Framework_and_Overview.pdf?x-r=pcfile_d)

Valen, C. R. (2013). *En komparativ analyse av tre lærebøker med fokus på sammensatte tekster*. (Mastergradsavhandling, NTNU), henta frå:

[https://brage.bibsys.no/xmlui/bitstream/id/265689/641340\\_FULLTEXT02.pdf](https://brage.bibsys.no/xmlui/bitstream/id/265689/641340_FULLTEXT02.pdf)

## 8.0 Vedlegg

### 8.1 Vedlegg A: Analyseskjema

#### Vedlegg 1: Analyseskjema

##### Opplysninger om læreboka:

- Tittel på lærebok:
- Forfatarar:
- Årstal for utgjevnad:
- Utgåve:
- Bakgrunn for utgjevnad:
- Årstrinn læreboka dekkjer:

##### Opplysninger om utdraget som blir analysert:

- Namn på kapittel/utdrag:
- Sidetal:
- Oppbygging av kapittel:
- Læreboka sine eigne opplysningar om oppgåvane i læreboka:

Oppgåve	Grunnfunksjon	Oppgåvetype	Foring om innhald	Foringar om form

### 8.2 Vedlegg B: Analyse av *Nye kontekst 8-10 basisbok*

##### Opplysningar om læreboka:

- Tittel på lærebok: *Nye kontekst 8-10 basisbok.*
- Forfattarar: Kathinka Blichfeldt & Tor Gunnar Heggem.
- Årstal for utgjevnad: 2014.
- Utgåve: 1. utgåve.
- Bakgrunn for utgjevnad:

Læreboka erstattar *Kontekst basisbok* soen vart gitt ut i 2006. Forfattarane poengtører at samfunnet har endra seg sidan då, og det er kome ein revidert versjon av læreplanen i norsk (2014, s. 2).

- Årstrinn læreboka dekkjer:

Boka dekkjer alle årstrinna på ungdomsskulen.

##### Opplysningar om utdraget som blir analysert:

- Namn på kapittel/utdrag:

Kapittel 8: Språk og kultur

- Sidetal: Side 322-362 (40 sider).

- Oppbygging av kapittel:

Kapittelet består av fem kurs, som kan sjåast på som underkapittel. I slutten av kapittelet finn ein ei oppsummering, kalla "kort sagt".

Kurs 8.1: Språk i dag

Kurs 8.2: "Diskriminerande språkbruk".

Kurs 8.3: "Norske dialektar, svensk og dansk".

Kurs 8.4: "Språkhistorie - bakgrunnen for bokmål og synorsk".

Kurs 8.5: "Sameisk språk og kultur"

"Kort sagt - Språk og kultur"

Felles for kursa er at dei presenterer mål som elevane skal nå. Dette vert presentert i byrjinga av kvart kurs. I tillegg møter elevane ei liste av ulike faguttrykk som skal læraast i løpet av kvart kurs.

- Læreboka sine eigne opplysningar om oppgåvane i læreboka:

Opplysningar om oppgåvane står på side 3 i læreboka.

Læreboka poengtører at oppgåvane har tydelege underoverskrifter som seier noko om formålet med oppgåva.

Oppgåver merka med snakkbobler er samarbeidsoppgåver.

Oppgåver under overskrifta "gå vidare" er noko meir omfattande oppgåver.

Oppgiver under overskrifta "oppsummer" skal summere opp innhaldet i kurset.  
 Oppgiver under "kan du fagstoffet?" viser til nettstaden og test deg sjølv på internett.

Oppgiver under "eigenvurdering" skal opne for refleksjon om kva ein har lært.

Oppgiver under "tenk over" kjem i byrjinga av kvart kurs. Desse oppglivena skal setje i gang tankane og refleksjonen før ein startar på kurset.

For å gjøre det mest mogleg oversiktlag, tek eg fore meg oppglivena i kvart kurs.

### Kurs 8.1: Språk i dag

Oppgåve	Skrivefunksjon	Oppgåvetype	Føring om innhald	Føring om form
<b>Tenk over, s. 324.</b> Eleven blir ikkje bedt om å svare skriftleg, men ein kan gjere det.	Identitetsdanning og sjølvrefleksjon, metakommunikasjon og eigenvurdering.	Tenkeoppgåve	Ber eleven å tenkje over kva ord ein nyttar, som foreldra ikkje nyttar.	Ingen føringar om form.
<b>1, s. 328. "Fagutrykk".</b> Eleven blir bedt om å nytte fagord i setningar.	Kunnskapsutvikling. Skal vise at ein har forstått ulike fagutrykk.	Dokumentasjonsoppgåve. Eleven skal vise at ein har forstått fagutrykk.	Føringar om kva fagutrykk som skal nyttast.	Føring om at det skal vere setningar som vert skriven.
<b>2, s. 328. "Ver språkforskar"</b> Eleven skal finne engelske ord i setningar. Seier ingenting om å svare skriftleg.	-	-	-	-

II

<b>3, s. 328. "Ver språkforskar"</b> A: Eleven skal lage liste over engelske ord ein nyttar. B: Formulere ei setning til kvart av ordal i oppgåve a.	Identitetsdanning og sjølvrefleksjon, metakommunikasjon og eigenvurdering. Eleven skal reflektere over eigne erfaringar knytt til emnet.	Tenkeoppgåve. Eleven skriv seg inn i emnet. Målet er ikkje å skape ein god tekst.	Få føringar om innhald, berre at det skal vere engelske ord med.	Føring om at eleven skal skrive ei setning til kvart ord.
<b>4, s. 328. "Ver språkforskar"</b> Eleven skal skrive om setningar, slik at dei ikkje inneheld engelske ord.	Kunnskapsutvikling.	Dokumentasjonsoppgåve.	Skal skrive om setningar.	Føringar om språket som skal nyttast.
<b>5, s. 328. "Ver språkforskar"</b> Samarbeidsoppgåve Elevane skal skrive replikkar til to situasjonar.	Konstruksjon av tekstverder. Elevane skal skrive korleis to ulike situasjonar utspelar seg.	Oppgåveteksten seier ingenting om at teksten skal publisera, så då kan ein sei at dette er ei tenkeoppgåve.	Føringar om kva teksten skal handle om.	Føring om at det skal skrivast replikkar.
<b>6A, s. 328. "Slang"</b> Eleven skal tenke over slangord og skrive dei ned.	Identitetsdanning og sjølvrefleksjon, metakommunikasjon og eigenvurdering. Eleven skal reflektere over eigne erfaringar knytt til emnet.	Tenkeoppgåve	Skal skrive ned ord.	Skal skrive ned ord.
<b>6B, s. 328. "Slang"</b> Samarbeidsoppgåve	Kunnskapsutvikling. Utveksling av informasjon.	Oppgåveteksten seier ingenting om at teksten skal publisera, men <u>formen</u> tilseier at den kan	Føringar om at elevane skal skrive slangord og forklare dei.	Føring om at dei skal lage ei ordbok.

III

Elevane skal lage ei ordbok over utrykka.	Elevane skal utforske emnet, men samtidig utveksle informasjon.	lesast av andre. Sidan ikkje det legg nokon färingsar, vil det bli ei tenkeoppgåve for å lære.		
<b>6C, s. 328.</b> "Slang" Samarbeidsoppgåve. Elevane skal reflektere over kva ord i ordboka som kjem til å bestå og kva ord ein trur vil forsvinne. Seier ingenting om skriftleg aktivitet.	-	-	-	-
<b>7A, s. 328.</b> "Slang" Elevane skal lage to setningar til tre situasjonar, ein setning skal vere slik besteforeldre ville sagt den, og ein setning skal vere slik eleven sjølv ville sagt den.	Konstruksjon av tekstverder. Elevane skal førestille seg korleis andre ville formulert seg.	Tenkeoppgåve, målet er at eleven skal lære.	Färing om kva som skal skrivast.	Eleven skal skrive det som ei setning.
<b>7B, s. 328.</b> "Slang" Samarbeidsoppgåve. Elevane skal dramatisere situasjonane i 7A og lage kortfilm av dei.	-	-	-	-

IV

<b>8, s. 329.</b> "Gå vidare" Samarbeidsoppgåve. Elevane skal samle slang frå ulike tiår og lage ei oversikt over slangorda.	Kunnskapsorganisering og lagring. Elevane skal organisere slangord.	Tenkeoppgåve, elevane skal lære.	Färing om at teksten skal innehalde slangord.	Eleven blir bedt om å lage ei oversikt.
<b>9, s. 329.</b> "Gå vidare" Samarbeidsoppgåve. Elevane skal lage rollespel eller rap med så mange slanguttrykk som mogleg. Ein rap kan vere eit skriftleg utrykk.	Konstruksjon av tekstverder. Elevane skal underhalde med den eventuelle teksten.	Presentasjonsoppgåve. Eleven skal nytte skriveferdigheter for å lage ein rap.	Färing om at teksten skal innehalde slanguttrykk.	Eleven skal skrive teksten som ein rap.
<b>10, s. 329.</b> "Gå vidare" Samarbeidsoppgåve. Todelt oppgåve, elevane skal velje ei av oppgåvene. Den eine opnar for at eleven skal skrive eit lesarinnlegg.	Påverknad. Eleven skal få fram sitt syn på språkutviklinga og korleis eleven ynskjer norsk språk skal utvikle seg vidare.	Dette kunne vere ei presentasjonsoppgåve, men oppgåveteksten seier ingenting om at teksten skal publiserast. Difor blir det ei tenkeoppgåve for å lære og reflektere.	Färing om kva teksten skal innehalde.	Färing om at teksten skal utformast som eit lesarinnlegg.
<b>11, s. 329.</b> "Gå vidare" Eleven skal undersøkje ord og presentere dei, gjerne digitalt.	Kunnskapsutvikling. Eleven skal utforske to omgrep.	Presentasjonsoppgåve. Det står at eleven skal presentere omgrepa, utan at det kjem klart fram for kven.	Färing om at eleven skal presentere to omgrep.	Eleven blir oppfordra til å lage ein digital presentasjon.

V

12, s. 329. "Gå vidare" Eleven skal undersøke statusen til det norske språket, lese eit emne om dette og presentere hovudinnhaldet. Det kjem ikkje fram at dette skal gjerast skriftleg, men ein kan gjøre det skriftleg.	Kunnskapsutvikling. Eleven blir bedt om å lese om noko, for å presentere hovudinnhaldet i det.	Dokumentasjonsoppgåve. Eleven skal skrive for å dokumentere hovudinnhaldet, vise at ein har forstått.	Gjere greie for hovudinnhald i ein skriftleg tekst.	Fåingen faring, berre at eleven skal presentere hovudinnhaldet.
13, s. 329. "Oppsummer" Eleven skal lage ein informasjonsfilm.	-	-	-	-
Side 329 "Eigenverdning" To oppgåver knytt til eigne erfaringar i møte med kurset. Seler ingenting om at eleven må skrive svara, men ein kan gjøre det.	Identitetstdanning og sjølvrefleksjon, metakommunikasjon og eigenverdning.	Tenkeoppgåve	Faring om kva den eventuelle teksten skal handle om.	Ingen faring om form.

VI

## Kurs 8.2: Diskriminerande språkbruk

Oppgåve	Skrivefunksjon	Oppgåvetype	Faring om innhald	Faring om form
Tenk over, s. 330 Eleven blir ikkje bedt om å svare skriftleg, men ein kan gjøre det.	Identitetstdanning og sjølvrefleksjon, metakommunikasjon og eigenverdning.	Tenkeoppgåve	Ber eleven å tenke over kva nokon ville sagt i ein liknande situasjon og eigne tankar knytt til situasjonen.	Ingen faringar om form.
1, s. 336. "Fagutrykk". Eleven blir bedt om å forklare omgrep. Det kjem ikkje direkte fram at eleven skal svare skriftleg, men ein kan det.	Kunnskapsutvikling. Skal vise at ein har forstått ulike faguttrykk.	Dokumentasjonsoppgåve. Eleven skal vise at ein har forstått faguttrykk.	Faringar om kva faguttrykk som skal nyttast.	Ingen faringar om form.
2, s. 336. "Ord skapar verkelegheita" Samarbeidsoppgåve. ikkje skriftlege arbeid.	-	-	-	-
3, s. 336. "Ord skapar verkelegheita". Samarbeidsoppgåve. Elevane skal definere omgrep og samanlikne med kvarandre.	Kunnskapsutvikling. Elevane skal samanlikne oppfatningar.	Tenkeoppgåve. Meininga er at elevane skal lære.	Faring om kva omgrep som skal definerast.	Ingen tydelege faringar om form.

VII

Står ikkje at ein må svare skrifteleg, men ein kan det.				
4, s. 336. "Ord skapar verkelegheta". Finne døme på påverkande språkbruk, skrive den ned og presentere.	Kunnskapsorganisering og lagring + kunnskapsutvikling. Eleven skal vise at dei kan finne påverkande språk, så på ein måte organiserer og strukturerer dei, på ein annan måte så utforskar dei.	Dokumentasjonsoppgåve. Eleven skal vise at han/ho har lært.	Føring om at presentasjonen skal innehalde døme på ordbruk som påverkar.	Eleven blir oppfordra til å presentere digitalt.
5, s. 336. "Ord skapar verkelegheta". Samarbeidsoppgåve. Eleven skal drøfte eit utsegn og reflektere over det. Seier ingenting om at eleven skal svare skrifteleg, men ein kan det.	Påverknad + identitetsdanning og sjølvrefleksjon, metakommunikasjon og eigenvurdering. Elevane skal uttrykke eigne meningar, men samstundes reflektere over eigne tankar knytt til utsegna.	Tenkeoppgåve.	Føring om at skrivinga skal knytast til utsegna.	Ingen anna føring enn at eleven skal reflektere og drafte. Reflekterande tekst.
6A, s. 336. "Ord som sårar". Eleven skal notere kjenn til ord.	Identitetsdanning og sjølvrefleksjon, metakommunikasjon og eigenvurdering.	Tenkeoppgåve.	Eleven skal notere kjenn ein ser for seg knytt til ord.	Notere.
6B, s. 336. "Ord som sårar". Samarbeidsoppgåve. Eleven skal samanlikne og diskutere resultat.	-	-	-	-

VIII

7, s. 337. "Ord som sårar". Samarbeidsoppgåve. Diskuter språkbruk på skulen og i veneflokken.	-	-	-	-
8, s. 337. "ord som sårar". Lage reglar for ikkje-krenkjande og ikkje-diskriminerande språkbruk.	Påverknad + utveksling av informasjon + identitetsdanning og sjølvrefleksjon, metakommunikasjon og eigenvurdering. Her kan eit mål vere at elevane skal påverke kvarandre positivt, samstundes som dei skal reflektere over språkbruk. Utveksling av informasjon handlar om at dei skal vise kvarandre kva språkbruk som er ok å bruke i klasserommet.	Presentasjonsoppgåve. Reglane skal nyttast i klasserommet.	Det kjem fram kva reglane skal handle om og gjelde for.	Eleven skal skrive reglar.
9, s. 337. "Gå vidare". Eleven skal undersøke eit emne og summere det opp. Seier ingenting om at ein må svare skrifteleg, men ein kan det.	Kunnskapsutvikling. Eleven skal utforske eit emne.	Tenkeoppgåve. Dokumentasjonsoppgåve. Eleven skal skrive for å lære, men oppgåva kan også kategoriserast som skriving for å dokumentere kva som er lært.	Det kjem fram kva eleven skal skrive om.	Eleven skal lage ei oppsummering.

IX

10, s. 337. "Gå vidare" Eleven skal skrive debattartikkel eller lesarinnlegg.	Påverknad Oppgåveteksten seier konkret at formålet er å påverke lesarane til "å velje ord a sinmed omhug".	Dokumentasjonsoppgåve. Oppgåveteksten seier ingenting om at teksten skal publiserast, så beste kategori vil vere dokumentasjonsskriving, altså at eleven skal vise lærar kva han/ho kan.	Eleven får val knytt til innhald, ord og utsyn knytt til anten kvinner, minoritetar eller ungdomsgrupper.	Det kjem fram kva sjanger som skal skrivast, og eleven får to val, debattartikkel eller lesarinnlegg. Vidare er målgruppa ungdom.
11, s. 337. "Gå vidare". Samarbeidsoppgåve. Elevane skal dramatisere.	-	-	-	-
